



## Møtebok for Kommunestyret

**Møtedato:** 08.03.2017  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 17.00 - 20.35

Møtet vart styrt av ordførar Øyvind H. Oddekalv.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 01.03.17 og møtet var kunngjort i pressa 21.02.17.

I starten av møtet opplyste ordførar at møtet i kommunestyret vart streama. Ordførar gratulerte alle kvinner med kvinnedagen, og at innbyggartal i kommunen hadde passert 8000, noko som ville bli markert med marsipankake i pausen.

To elevar frå Meland kulturskule spelte kvar sitt musikkstykkje på pinao.

Det låg føre 3 grunngjevne spørsmål som ordførar ville svare på i slutten av møtet.

Kommunestyret hadde pause frå kl. 18.00 - 18.25.  
Det vart halde gruppemøte og gruppeleiar møte frå kl. 19.30-19.45.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Øyvind H. Oddekalv	AP	Ordførar
Nils Marton Aadland	H	Varaordførar
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Erling Rønnestad	KRF	Medlem
Kjersti Vikebø Nesse	AP	Medlem
Asbjørn Larsen	AP	Medlem
Tom Inge Karlsen	AP	Medlem
Øystein Berland Blom	H	Medlem
Mabel Johansen	H	Medlem
Thomas H. Wallem	H	Medlem
Fredrik Seliussen	H	Medlem
Øyvind Bratshaug	FrP	Medlem
Henriette Fennelly	FrP	Medlem
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Medlem
Per Kristian Holmetun	SP	Medlem
Rune Lekven Skår	SP	Medlem
Marit Samnøy Jøssang	KRF	Medlem
Stian Lavik	KRF	Medlem
Silje Ingelin Sæterstøl	V	Medlem
Beate Seveline Eknes	V	Medlem
Karina Garnes Reigstad	MDG	Medlem

Leif Johnsen	MDG	Medlem
Morten Klementsens	BF	Medlem
Are Nygård	AP	Varamedlem
Øystein Vikebø	AP	Varamedlem
Dag Erik Hagesæter	FrP	Varamedlem
Roy Tore Skaar	FrP	Varamedlem

<b>Forfall meldt frå følgjande medl.</b>	<b>Parti</b>
Sigmund Larsen	FrP
Tormod Skurtveit	AP
Ørjan Evald Kristiansen	Uavh
Åse Nina Sudmann	AP

**Desse møtte frå administrasjonen:** Rådmann Ingvild Hjelmtveit, personal og organisasjonssjef Kari Anne Iversen, rådgjevar pleie og omsorg Helge Kvam, sektorsjef teknisk Anny Bastesen og økonomisjef Per Inge Olsen.

Protokollfører: Randi Hilland

14. februar 2017

Øyvind H. Oddekalv  
ordfører

Randi Hilland  
Konsulent

Nils Marton Aadland  
varaordfører

## Sakliste

Saknr	Tittel
01/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste
02/2017	Godkjenning av møtebok
03/2017	Referatsaker
04/2017	Orientering om status kommunestruktur
05/2017	Årsmelding om arbeidet i Eldrerådet 2016
06/2017	Tilsetjing av rådmann
07/2017	Regulering av satsane for festeavgift på kyrkjegarden
08/2017	Søknad om spelemidler til lokale kulturbygg, rehabilitering av kjøkken på Vonheim, anleggsnr. 1256004801
09/2017	Oppdatert kostnadsoverslag for separering Grønlandsområdet, omprioritering investeringsmidlar
10/2017	Vurdering av situasjonen på Meland sjukeheim
11/2017	Budsjettendring 2017 - investeringar
12/2017	Røystekrinsar ved stortings- og sametingsvalet 2017
13/2017	Delegering av mynde til valstyret ved stortings- og sametingsvalet 2017
14/2017	Oppdatering av delegeringsreglementet for Utval for Drift og Utvikling, mynde etter plan- og bygningslova, jordlova, konsesjonslova og odelslova
15/2017	Tiltaksplan for trafikkisikring 2017 - 2020
16/2017	Høyring - forslag om oppheving av vannscooterforskrifta
17/2017	Oppstart av rullering av kommuneplan, arealdel på deltema
18/2017	Interpellasjon - Kystrenovasjon

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		17/2

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
01/2017	Kommunestyret	PS	08.03.2017

## Godkjenning av innkalling og sakliste

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

#### Kommunestyret - 01/2017

#### KS - behandling:

#### KS - samrøystes vedtak:

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		17/2

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
02/2017	Kommunestyret	PS	08.03.2017

## Godkjenning av møtebok frå møte 14.12.16

### Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 14.12.2016

### Saksopplysningar:

### Framlegg til vedtak:

"Møtebok frå møte 14.12.16 vert godkjent."

### Kommunestyret - 02/2017

### KS - behandling:

### KS - samrøystes vedtak:

"Møtebok frå møte 14.12.16 vert godkjent."

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Randi Helene Hilland		17/2

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
03/2017	Kommunestyret	PS	08.03.2017

## Referatsaker

### Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
03/2017.1	Meland kontrollutval - Møteutskrift frå møtet 22.11. 2016
03/2017.2	Meland kontrollutval - Møteutskrift frå møte 31. januar og årsmelding 2016
03/2017.3	Utdanningsprogrammet Service og samferdsel må oppretthaldast ved Knarvik vidaregåande skule
03/2017.4	Årsrapport for 2016
03/2017.5	Endringar i inndeling i Lensmanns- og politistasjonsdistrikter og tjenestesteder i Vest politidistrikt
03/2017.6	Informasjon om farledstiltaket "Nordlig innseiling Bergen" - omtalt i Nasjonal transportplan 2014 - 2023
03/2017.7	Landbruksmelding «Endring og utvikling», St. Meld. 11 - oppfordring til å støtte uttale frå Norddal kommunestyre
03/2017.8	Invitasjon til å delta i prosjektet: Fornyelse og utvikling av lokaldemokratiet i kommuner med vedtak om sammenslåing
03/2017.9	Ope brev til ordføraren om kystrenovasjon i Nordhordland
03/2017.10	Økonomi og stabssituasjon i Meland sokn

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

"Meldingane vert tekne til orientering."

### Kommunestyret - 03/2017

## **KS - behandling:**

### **Stian Lavik refererte skriv nr. 9 og la fram eit tilleggsframlegg.**

“Kommunestyret ynskjer at Meland tek del i prosjektet “Fornyelse og utvikling av lokaldemokratiet i kommuner med vedtak om sammenslåing”, i tråd med invitasjon frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.”

Ordførar opplyste at dette skal opp som sak på neste møte i den Førebelse Fellesnemnda.

Det vert eit ekstramøte i kommunestyret 29. mars. På dette møtet vil sak om Regional transportplan Hordaland 2018-2029 - høyring av planforslag, og sak om Regional areal- og transportplan for Bergensområdet tekne opp.

### **Marit Jøssang refererte skriv nr. 7 og la fram eit tilleggsframlegg.**

"Meland kommunestyre støttar uttalen frå Nordal kommunestyre gjeldande Landbruksmeldinga Endring og utvikling. Meld. St.11."

**Ordførar refererte skriv nr. 5 - Innspel frå Regionrådet er sendt Politidirektoratet.**

### **Avrøysting:**

**Tilleggsframlegg frå Stian Lavik vart samrøystes vedteke.**

**Tilleggsframlegg frå Marit Jøssang fekk 18 røyster for, (KrF, AP, SP, V, MDG, BF), 9 røyster mot, (H, FrP), og er såleis vedteke.**

### **KS - vedtak:**

Meldingane vert tekne til orientering.

Kommunestyret ynskjer at Meland tek del i prosjektet “Fornyelse og utvikling av lokaldemokratiet i kommuner med vedtak om sammenslåing”, i tråd med invitasjon frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.”

Meland kommunestyre støttar uttalen frå Nordal kommunestyre gjeldande Landbruksmeldinga Endring og utvikling. Meld. St.11.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Ingvild Hjelmtveit		17/2

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
04/2017	Kommunestyret	PS	08.03.2017

## Orientering om status kommunestruktur

### Saksopplysningar:

### Framlegg til vedtak:

#### Kommunestyret - 04/2017

#### KS - behandling:

Ordførar orienterte:

Konsulentar frå konsulentfirma BDO er engasjerte fram til sommaren og skal levere eit styringsdokument med tidsplan.

Arbeid i gang med nettside og facebook. Felles kommunestyremøte for alle tre kommunane i juni. Sak om kommunenamn, tilsetjing av prosjektleiar og avgjere om prosjektleiar skal vere rådmann i den nye kommunen er saker som skal opp på dette møtet.

#### KS - samrøystes vedtak:

Orienteringane vert tekne til vitande.



# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Randi Helene Hilland	FE - 033, TI - &14	17/400

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
05/2017	Kommunestyret	PS	08.03.2017

## Årsmelding om arbeidet i Eldrerådet 2016

### Vedlegg:

Årsmelding 2016

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Eldrerådet godkjente i møte 09.02.17 årsmelding for Eldrerådet dat.27.01.17. I reglement for Eldrerådet § 2 står det at årsmelding skal leggjast fram for kommunestyret.

### Framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek årsmelding frå Eldrerådet dat. 27.01.17 til vitande.

### Kommunestyret - 05/2017

### KS - behandling:

Leiar i Eldrerådet Sigurd Knudsen orienterte.

### KS - samrøystes vedtak:

Kommunestyret tek årsmelding frå Eldrerådet dat. 27.01.17 til vitande.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Øyvind H. Oddekalv	FE - 410	17/500

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
26/2017	Formannskapet	PS	08.03.2017
06/2017	Kommunestyret	PS	08.03.2017

## Tilsetjing av rådmann

### Vedlegg:

Offentleg søkjarliste - rådmannstilling Meland kommune

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

På formannskapsmøtet 22. desember 2016 vart rekrutteringsprosessen av ny rådmann starta opp, etter at rådmann Ingvild hjelmtveit hadde sagt opp stillinga si. Då vart det nedsett eit tilsetjingsutval som fekk i oppdrag å leggje fram innstilling til ny rådmann for kommunestyret. Tilsetjingsutvalet har bestått av ordførar, varaordførar og Silje Ingelin Sæterstøl frå formannskapet. I tillegg har hovudtillitsvalt Anita Dale som arbeidstakarrepresentant og organisasjonsrådgivar Guro Osnes frå administrasjonen deltatt. Meland kommune har nytta Skagerak Consulting i tilsetjingsprosessen av ny rådmann, etter ein tilbodsrunde der tre selskap vart vurderte.

Meland kommune mottok i alt 19 søknader på den ledige søknaden som rådmann. Av desse trakk seks av kandidatane søknaden sin i løpet av prosessen. Av dei 13 gjenverande kandidatane vart fire kandidatar kalla inn til førstegangsintervju. Av desse vart det gjennomført andregangsintervju med tre kandidatar, saman med kommunen sitt tilsetjingsutval.

Kandidatane vart vurderte etter følgjande kriteria:

1. Motivasjon for stillinga
2. Formell bakgrunn
3. Kvalifikasjonar for stillinga
4. Leiing
5. Personlege eigenskapar. Å vere eigna for stillinga
6. Forholdet mellom politikk og administrasjon

### Vurdering

Etter ei samla vurdering og omfattande innhenting av referansar, måling av kandidatane si erfaring, kunnskap og kompetanse, har tilsetjingsutvalet kome fram til ei sams innstilling. Innstillinga er i tråd med tilrådinga frå Skagerak Consulting. Vurderingar utover dette blir lagt fram i møtet.

Folkehelse  
Miljø  
Økonomi

### **Konklusjon**

Innstillinga frå tilsetjingsutvalet blir lagt fram i møtet.

### **Formannskapet - 26/2017**

#### **FS - behandling:**

Møtet vart lukka med tilvising til kommuneloven § 31.3.

**Framlegg til vedtak vart delt ut i møtet.**

#### **Samrøystes framlegg til vedtak frå tilsetjingsutvalet:**

1. Kommunestyret tilset Martin Kulild i fast stilling som rådmann i Meland kommune. Starttidspunkt etter avtale, seinast 1. juni 2017.
2. Ordførar, varaordførar og Silje Sæterstøl får fullmakt til å inngå endeleg arbeidsavtale.

#### **Avrøysting:**

**Framlegg til vedtak frå tilsetjingsutvalet vart samrøystes vedteke.**

#### **FS - samrøystes framlegg til vedtak:**

1. Kommunestyret tilset Martin Kulild i fast stilling som rådmann i Meland kommune. Starttidspunkt etter avtale, seinast 1. juni 2017.
2. Ordførar, varaordførar og Silje Sæterstøl får fullmakt til å inngå endeleg arbeidsavtale.

### **Kommunestyret - 06/2017**

#### **KS - behandling:**

Møtet vart lukka med tilsvising til kommuneloven § 31.3.

Organisasjonsrådgjevar Guro Osnes og HTV Fagforbundet Anita Dale var til stades ved behandling av saka.

#### **KS - samrøystes vedtak:**

1. Kommunestyret tilset Martin Kulild i fast stilling som rådmann i Meland kommune. Starttidspunkt etter avtale, seinast 1. juni 2017.
2. Ordførar, varaordførar og Silje Sæterstøl får fullmakt til å inngå endeleg arbeidsavtale

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Kari Anne Iversen	FE - 231	17/321

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
20/2017	Formannskapet	PS	22.02.2017
07/2017	Kommunestyret	PS	08.03.2017

## Regulering av satsane for festeavgift på kyrkjegarden

### Vedlegg:

Framlegg til nye satsar for festeavgift på kyrkjegarden  
Festeavgifter 2016

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Meland kommune har per 03.02.17 mottatt skriv frå Meland sokneråd om nye festeavgifter. Soknerådet har gjort vedtak om dei nye festeavgiftene i sak 002/17. Etter gravferdslova er det kommunestyret som gjer endeleg vedtak i saka.

Festeavgift er ei leige for å disponere ei grav når frigravsperioden på 20 år er gått ut. Festeavgiftene vart sist regulerte gjennom kommunestyrevedtak 10.02.16, sak 10/16. Avgiftene vart då fastsette til:

- Feste av kistegrav per år: kr 350
- Feste av urnegrav per år: kr 300
- Feste av grav eldre enn 60 år per år: Kr 700
- Reservasjon/festeavgift 20 år for ledig grav i dobbeltgrav: kr 7 000
- Festeavgift vert fakturert årleg.

Etter vedtaket i soknerådet om ny regulering i 2017, vil satsane vere:

- Feste av kistegrav per år: Kr 400
- Feste av urnegrav per år: Kr 300
- Feste av grav eldre enn 60 år per år: Kr 800
- Reservasjon/festeavgift 20 år for ledig grav i dobbeltgrav: kr 8 000
- Festeavgift vert fakturert årleg

Soknerådet meiner elles at festeavgiftene bør aukast gradvis per år til ein er på nivå med kommunar i regionen som det er naturleg å samanlikne seg med.

## **Vurdering**

Soknerådet skriv i brevet sitt dat.03.02.17 at argumenta for å auke satsane for festeavgift er dei same no som i 2016. Det vart den gangen m.a. peikt på kapasitet til å utføre dei administrative oppgåvene ved kyrkjegardsdrifta, samanlikning med satsane i kommunane i regionen og festeavgift som ein regulator i høve press på gravareal. Sistnemnde moment dannar også bakgrunn for at urnegrav har lågare sats enn kistegrav. Satsen for feste av kistegrav (kr 400) er elles den same satsen som Lindås kyrkjelege fellesråd har vedtatt frå 2017.

Folkehelse: Ikkje relevant i saka.

Miljø: Ikkje relevant i saka

Økonomi: Det vert vist til saksframstilling/vurdering.

## **Konklusjon**

Administrasjonen meiner at bakgrunnen for den reguleringa soknerådet har vedtatt er rimeleg og vil tilrå at kommunestyret vedtar dei nye satsane, slik desse ligg føre i saka.

## **Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret vedtar nye festeavgifter frå 2017:

1. Feste av kistegrav per år: Kr 400
2. Feste av urnegrav per år: Kr 300
3. Feste av grav eldre enn 60 år per år: Kr 800
4. Reservasjon/festeavgift 20 år for ledig grav i dobbeltgrav: kr 8 000
5. Festeavgift vert fakturert årleg»

## **Formannskapet - 20/2017**

### **FS - behandling:**

### **FS - samrøystes framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtar nye festeavgifter frå 2017:

1. Feste av kistegrav per år: Kr 400
2. Feste av urnegrav per år: Kr 300
3. Feste av grav eldre enn 60 år per år: Kr 800
4. Reservasjon/festeavgift 20 år for ledig grav i dobbeltgrav: kr 8 000
5. Festeavgift vert fakturert årleg

## **Kommunestyret - 07/2017**

### **KS - behandling:**

**KS - samrøystes vedtak:**

Kommunestyret vedtar nye festeavgifter frå 2017:

1. Feste av kistegrav per år: Kr 400
2. Feste av urnegrav per år: Kr 300
3. Feste av grav eldre enn 60 år per år: Kr 800
4. Reservasjon/festeavgift 20 år for ledig grav i dobbeltgrav: kr 8 000
5. Festeavgift vert fakturert årleg

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Eirik Bouwer Utne	FE - 243	17/220

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
05/2017	Utval for levekår	PS	07.02.2017
08/2017	Kommunestyret	PS	08.03.2017

## **Søknad om spelemidler til lokale kulturbygg, rehabilitering av kjøkken på Vonheim, anleggsnr. 1256004801**

### **Vedlegg:**

Innsendt søknad om spelemidler - resterande vedlegg  
tegninger og illustrasjoner  
Innsendt søknad om spillemidler  
Innsendt søknad om spillemidler  
Vedlegg 5  
Vedlegg 1  
Vedlegg 6  
Vedlegg 4

### **Saksopplysningar:**

#### **Bakgrunn**

Ungdomslaget Von skal rehabilitere kjøkkenet på Vonheim, anleggsnr 1256004801, og har sendt inn søknad om spelemidler lokale kulturbygg datert 26.1.2017. Totalkostnaden er på kr 823 685 og ein kan søkje om inntil 1/3 over ordninga. Frist for endeleg innsending til Hordaland fylkeskommune er 15.3.

#### **Vurdering**

Vonheim er eit viktig og tradisjonsrikt lokalt kulturbygg og forsamlingshus lokalisert i den vestlege delen av Holsnøy. Bygget er eigd av Ungdomslaget Von, skipa i 1901. Dei eldste delane av bygget er oppunder 100 år, og har vore gjennom fleire reoveringar og utvidingar gjennom åra. I dag rommar bygget sal med scene, toaletter, garderobe, kjøkken og andre mindre rom og lager. Bygget har vorte nytta av musikklag og til lokalteater, og vert i dag mellom anna nytta til barne-, ungdoms- og fritidsklubb, konsertar og samlingar, filmframsyningar, revy, markeringar og utleige. Lokalsamfunnet tek godt vare på huset sitt.

Kjøkkenet er svært mykje nytta og er viktig for den levande mattradisjonen i bygda, der lokale matrettar vert nytta etter gamle oppskrifter både ved mindre og større tilskipingar. Ei framsynt modernisering og rehabilitering av kjøkkenet vil vere til stor nytte for det lokale kultur- og samfunnslivet i denne delen av kommunen. Eit moderne kjøkken vil auke høva for å kunne vidareføre lokale mattradisjonar, og kan i større grad gi høve til å involvere og inkludere nye

deltakarar. Økonomien i UL Von er god, men det er naudsynt med eit moderne kjøkken for å kunne oppretthalde utleigen og bruken av Vonheim. Drifta av huset er avhengig av utleige.

Tiltaket har ein total kostnad på kr 823 685 og skal finansierast ved spelemidlar kr 274 561, dugnad kr 201 727, lån kr 247 397 og eigenkapital kr 100 000. Søkjar har mellomfinansiering på spelemiddeldelen av finansieringsplanen.

Søkjar har levert behovsoppgåve og prosjektskildding, fagmessig utførte teikningar, detaljert kostnadsoverslag med dokumentasjon, plan for drift og dokumentasjon på finansiering, eigerskap og hefter. Søknaden vert frå kulturtenesta si side vurdert til å oppfylle dei formelle krava for å kunne kvalifisere til spelemidlar lokale kulturbygg, og til å vere i tråd med føremålet til ordninga.

### **Folkehelse**

Levande, inkluderande og sterke lokalsamfunn er svært viktig for folkehelsa

### **Miljø**

Ikkje vurdert særskild i saka

### **Økonomi**

Tiltaket vil ikkje påverke kommuneøkonomien

### **Konklusjon**

Rehabilitering av kjøkkenet på Vonheim vil styrke bygget som kultur- og samlingshus. Ungdomslaget Von vil òg stå betre rusta for framtida, som den viktige sosiale og kulturelle aktøren laget er i denne delen av Meland kommune.

### **Framlegg til vedtak:**

«Ungdomslaget Von sin spelemiddelsøknad over ordninga til lokale kulturbygg, til rehabilitering av kjøkkenet på Vonheim, anleggsnr. 1256004801, på kr 274 561 eller 1/3 av total kostnad på kr 823 685, vert stadfesta og får prioritet 1 for søknadar på ordninga for spelemidlar til lokale kulturbygg for tiltak i Meland kommune»

### **Utval for levekår - 05/2017**

#### **ULK - behandling:**

#### **Endringsframlegg i møte frå Sølvi Knudsen (Sp):**

"Kommunestyret stadfestar at Ungdomslaget Von sin spelemiddelsøknad over ordninga til lokale kulturbygg, til rehabilitering av kjøkkenet på Vonheim, anleggsnr. 1256004801, på kr. 274 561 eller 1/3 av total kostnad på kr. 823 685 får prioritet 1 for søknadar på ordninga for spelemidlar til lokale kulturbygg for tiltak i Meland kommune."

Endringsframlegget vart **samrøystes vedteke**.

#### **ULK - samrøystes framlegg til vedtak:**

"Kommunestyret stadfestar at Ungdomslaget Von sin spelemiddelsøknad over ordninga til lokale kulturbygg, til rehabilitering av kjøkkenet på Vonheim, anleggsnr. 1256004801, på kr. 274 561 eller 1/3 av total kostnad på kr. 823 685 får prioritet 1 for søknadar på ordninga for spelemidlar til lokale kulturbygg for tiltak i Meland kommune."



## Kommunestyret - 08/2017

### **KS - behandling:**

#### **KS - samrøystes vedtak:**

"Kommunestyret stadfestar at Ungdomslaget Von sin spelemiddelsøknad over ordninga til lokale kulturbygg, til rehabilitering av kjøkkenet på Vonheim, anleggsnr. 1256004801, på kr. 274 561 eller 1/3 av totalkostnad på kr. 823 685 får prioritet 1 for søknadar på ordninga for spelemidlar til lokale kulturbygg for tiltak i Meland kommune."

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anny Bastesen		17/373

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
21/2017	Formannskapet	PS	22.02.2017
09/2017	Kommunestyret	PS	08.03.2017

## Oppdatert kostnadsoverslag for separering Grønlandsområdet, omprioritering investeringsmidlar

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

I kommunestyret sitt vedtak sak 82/2016, møte 21.09.2016, vart m.a. kostnadsoverslaget for separering Grønlandsområdet, prosjekt 663, oppdatert.

Prosjektet starta samtidig med oppgradering av Varnappen reinseanlegg, som er ferdigstilt. Kapasiteten på reinseanlegget var sprengt og ureiningssituasjonen var ikkje akseptabel. Det viste seg då at leidningane inn til anlegget også var i særst dårleg stand og at det var nødvendig med ein større utskifting av leidningsnett. Dette var årsaken til at kostnadsoverslaget måtte oppdaterast første gongen, saman med store meirkostnader til fjellsprenging nær eksisterande bygningsmasse.

Det har såleis vore vanskeleg å treffe med budsjettprognosane. Opprinneleg var prosjektet sett opp med eit budsjett på 2,5 mill pr år over tre år. Fordi anlegget er meir omfattande enn det var mogeleg å forestille seg på førehand, og meir krevjande enn erfaringstal tilseier, har det vore meir hensiktsmessig å fullføre arbeidet utan stans. Investeringa er derfor gjennomført over to år i staden for tre.

På denne bakgrunnen vart budsjetttramma for separering Grønlandsfeltet sett til kr 11 415 000,- i 2016 ved kommunestyret sitt vedtaket i sak 82/2016. Då var strekningen frå Varnappen reinseanlegg, under Mjåtveitvegen og oppover forbi ungdomsskulen gjort ferdig, og ein såg for seg at arbeidet i sjølve Grønlandsfeltet ville bli mindre krevjande med ferdigstilling i 2016.

Dette viser seg heller ikkje å stemme. Grønlandsområdet er eitt av dei første utbyggingsområda i kommunen, og det er tydeleg at det i si tid vart gjort minimale sprengingsinngrep ved tilrettelegging av infrastrukturen. Arbeidsomfanget har derfor måtta utvidast på grunn av meir sprengingsarbeid, og framdrifta blir dermed skubba inn i 1. halvår 2017. Anleggsarbeidet følgjer elles dagens standardnormer for VA-anlegg, og skal handtere nedbørsauken som følgjer av mildare klima. Det har ført til større grøftedjupner enn før og eit stort behov for deponering av overskotsmassar etter sprenging, og det blir eit større arbeid med istandsetting av vegane og ein del hageareal. Den finaste massen blir tilbakeført i grøftene.

Transportkostnadene kunne blitt svært store dersom overskotsmassane etter sprenging måtte køyrast vekk. Desse kostnadene er sterkt redusert ved at området som skal bli ny parkeringsplass for båtruta blir nytta som deponi. I tillegg blir massane fyllt ut langs Mjåtveitvegen der eit stykke av det regulerte fortauet ikkje er bygd enno, i nedkant av Paktarmyra. Dette fortauet er svært viktig for å sikre vegen til barnehagen og skulevegen til svært mange barn. Administrasjonen opplever eit sterkt ønskje frå bebuarar i Løypetona, Elvavegen, Paktarmyrhaugen, Schriverhaugen, Frekhaugmarka og bebuarar elles langs Mjåtveitvegen om å få på plass den siste biten. Dette er ei sak for trafikksikringsplanen, men sjølve vegfundamentet kan fyllast ut i samband med saneringsprosjektet – som uansett har trong for deponi, og då helst i kort avstand til anlegget.

Under Mjåtveitvegen nedafor Paktarmyra går det ei gamal kistegrøft som skal ta unna overvatnet frå m.a. Holtermannsvegen. Busetnaden der har vore utsett for flaumskader fleire gonger, og kommunen har gjort det som gjerast kan for å leie vekk overvatnet. Det viser seg at den gamle kistegrøfta er i ferd med å knekke, og administrasjonen ser derfor eit stort behov for å grave gjennom Mjåtveitvegen og leggje nytt dreneringsrøyr, før heile fundamentet til framtidig fortau blir fylt opp. Det er vanskelegare å ta eit slikt prosjekt opp att seinare, og i mellomtida kan ein risikere nye flaumsituasjonar som set kommunen i eit erstatningsansvar.

Alt i alt vil kostnadene auke med om lag 6 mill kroner. Då er dreneringa av overvatnet frå Holtermannsvegen løyst, avlaupsleidningane i eit større område av Frekhaug er skifta, nedbøren er fjerna frå avlaupsnettet og lagt i eigne røyr og det er lagt nye vassleidningar i same område.

Administrasjonen rår til at rest av unytta midlar (kr 560 000,-) på prosjekt 666 Varnappen reinseanlegg (ferdig i 2016) vert overført til prosjektet i 2017. Vidare rår administrasjonen til at midlar som ikkje vert nytta til prosjekt 601 Hestdal vassbehandlingsanlegg vert overført til separering Grønlandsområdet. Dette er midlar som er sett av i 2017, men som ikkje vert nytta pga revidert framdrift. Kostnadsoverslaget for Hestdal vassbehandlingsanlegg må reviderast når prosjektinga er ferdig.

Prosjekt	Namn	Budsjett 2017	Endring	Nytt budsjett 2017
663	Separering Grønlandsområdet	kr 1 830 000	+kr 6 000 000	kr 7 830 000
666	Varnappen reinseanlegg	kr 560 000	-kr 560 000	0
601	Hestdal vassbehandlingsanlegg	Kr 37 600 000	-kr 5 440 000	kr 32 160 000

Sjå eiga sak for formell justering av budsjettet.

Prosjektet handlar i realiteten om sanering av ein del av Frekhaugområdet, og omfattar både vatn- og avlaupsnettet. Situasjonen var mykje dårlegare over eit større område enn kva ein trudde då prosjektet i si tid vart døypt for Separering Grønlandsområdet.

### Vurdering

Kommunen har ikkje hatt noko val når det gjeld separering av det gamle leidningsnettet i Frekhaugområdet / Grønlandsområdet, på grunn av ureiningssituasjonen. Då arbeidet starta i 2016 kunne ein raskt slå fast at kostnadene kom til å bli høgare enn budsjettert, noko som for ein stor del skuldast ein usikker fakta-situasjon m.o.t. grunntilhøve og dokumentasjon på eksisterande traséar / løysingar frå starten av. Jf kommunestyresak 82/2016 og budsjett rapportar gjennom året.

Administrasjonen har teke grep for å halde kostnadene så låge som mogeleg; transportkostnadene er halde på eit minimumsnivå og arbeidet er utført på rammeavtale med entreprenørar.

Det har krevd tett oppfølging frå prosjektleiar, men samtidig har ein kunna velje dei smartaste løysingane etter kvart som arbeidet går framover.

Bebuarane har gjort sin del av arbeidet og det har vore svært positivt å oppleve viljen til å rette opp situasjonen inne på eigen eigedom, med omlegging og separering av private leidningar. Noko av suksessen skuldast tilskotsordninga som kommunen vedtok, mykje skuldast god kommunikasjon gjennom heile prosessen.

Tilleggseffektane av anlegget er «gratis» massar til å byggje parkeringsplass for båtruta, og fundament for fortauet som manglar langs Mjåtveitvegen. Vidare kunne den gamle undergangen under Mjåtveitvegen nede ved reinseanlegget fyllast att etter at leidningsarbeidet var ferdig. Veggen kunne etterpå utvidast og fortausbiten som mangla der kom på plass. Dette er ryddearbeid som uansett måtte blitt gjort etter at leidningsanlegget var ferdig.

Folkehelse: Avlaupsanlegget må vere i tilfredsstillande stand for å hindre rotteplager og generell ureining til miljøet, t.d. i Badevika

Miljø: Saneringa betrer miljøsituasjonen ved å hindre avrenning frå kloakk til grunn og til sjø

Økonomi: Investeringa vert finansiert over vatn- og avlaupsområdet

### **Konklusjon**

Administrasjonen rår til at prosjektet vert fullført i tråd med oppdatert kostnadsramme.

### **Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner fullføring av prosjekt 663 Separering Grønlandsområdet i tråd med saksutgreiinga her og oppdatert kostnadsramme. Investeringsbudsjettet for 2017 vert justert i eiga sak.»

### **Formannskapet - 21/2017**

#### **FS - behandling:**

#### **FS - samrøystes framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner fullføring av prosjekt 663 Separering Grønlandsområdet i tråd med saksutgreiinga her og oppdatert kostnadsramme. Investeringsbudsjettet for 2017 vert justert i eiga sak.»

### **Kommunestyret - 09/2017**

#### **KS - behandling:**

#### **KS - samrøystes vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner fullføring av prosjekt 663 Separering Grønlandsområdet i tråd med saksutgreiinga her og oppdatert kostnadsramme. Investeringsbudsjettet for 2017 vert justert i eiga sak.»

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Per Inge Olsen	FA - H12	17/328

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
19/2017	Formannskapet	PS	22.02.2017
10/2017	Kommunestyret	PS	08.03.2017

## Vurdering av situasjonen på Meland sjukeheim

### Vedlegg:

Orientering til Meland formannskap

Spørsmål til Utval for levekår som gjeld dagens kapasitets- og bemanningssituasjon på sjukeheimen i Meland

Førebels svar på spørsmål om situasjon på sjukeheimen i Meland

Situasjonen på Meland sjukeheim - Særutskrift frå eldrerådet

### Saksopplysningar:

Som del av sak 9, Aktuelle saker, i møtet i ULK den 7.02.2017 vart situasjonen på Meland Sjukeheim teke opp til drøfting på bakgrunn av innsendt sak frå Meland Arbeiderparti. ULK sendte så saka til formannskapet for vidare handsaming.

Etter at budsjettet for 2017 vart handsama i desember i fjor der situasjonen ved sjukeheimen vart vurdert er ikkje den økonomiske situasjonen for kommunen endra. Rådmannen kan nå difor ikkje tilrå å auke bemanninga ved sjukeheimen for permanent å ta i bruk fleire pasientrom. Kommunen har i 2017 eit budsjett i balanse utan overskot eller avsetningar til disposisjonsfond. Det er ikkje utsikter framover til vesentleg betring i kommunen sitt inntektsgrunnlag, og kommunen har såleis ikkje eit langsiktig finansieringsgrunnlag til auke i nye stillingar utan at vi samstundes reduserer utgiftene på andre driftsområde.

Kommuneloven sin §46 omhandlar årsbudsjettet sitt innhald, ref. punkt 3 og 6 under

- 3. Årsbudsjettet skal være realistisk. Det skal fastsettes på grunnlag av de inntekter og utgifter som kommunen eller fylkeskommunen kan forvente i budsjettåret.
- 6. Det skal budsjetteres med et driftsresultat som minst er tilstrekkelig til å dekke renter, avdrag og nødvendige avsetninger.

Rådmannen meiner at ein forsvarleg budsjettprosess inneberer at kommunen ikkje skal budsjettere med utgifter som det ikkje er dekning for, og at bruk av fondsmidlar til ordinær drift ikkje er berekraftig på sikt. Særleg meiner rådmannen det er problematisk gjennom tilsetjing i faste nye stillingar å etablere eit permanent driftsnivå som kommunen ikkje har inntektsgrunnlag for å bere.

Rekneskapen for 2016 (førebels) viser at vi har meirforbruk innan barnevern og barnehageområdet. Årsaka til meirforbruket vil verte forklart i årsrekneskapen og årsmeldinga, og eventuell effekt på tenestebehovet og budsjettsituasjonen i 2017 vil bli vurdert. Vi må derfor sjå behovet for auka kapasitet ved sjukeheimen opp mot behovet til desse og andre driftsområde i 2017 og vidare framover før ein kan konkludere kva ein gjer med sjukeheimskapasiteten i kommunen. Befolkningsveksten i 2016 (innbyggjartalet 1. januar 2017) vert framlagt i statistikk frå SSB 17. februar. Nivået på veksten vil påverke inntektsgrunnlaget for 2017, og rådmann vil avvente dette talet før vi kan gjere ei vurdering av den økonomiske handlefridomen for budsjettåret 2017.

Rådmannen meiner det bør utgreiast etablering av eit nytt omsorgstilbod, som i tenestenivå ligg mellom dagens sjukeheimstilbod og omsorgsbustader. Rådmann trur at vi på den måten kan tilby plass til fleire brukarar for ein lågare kostnad enn det ein får ved auke i ordinære sjukeheimsplassar. Vi ser andre kommunar som har etablert slike tilbod med gode resultat.

Rådmannen vil leggje fram bustadmeldinga for handsamling på neste formannskapsmøte. I denne vil ein gjere framlegg til korleis ein kan disponere midlane avsette i økonomiplanen for 2017-2019 til kjøp av bustader og omsorgsbustader (til saman kr 53 mill) til å mellom anna å etablere eit slikt butilbod med utvida omsorgstenester.

Rådmann meiner at det er betre å akseptere at det på kort sikt kjem ekstra kostnader i samband med overbelegg enn å påta seg langsiktige lønsforpliktingar utan nærare utgreiing av momenta nemnd over.

Det har i saken om kva det vil koste å ta i bruk 4 ekstra pasientrom ved sjukeheimen kome fram ulike tal. Kommunen har i sin arbeidsgjevarstrategi vektlagt utvikling av ein heiltidskultur, både for å tiltrekke seg kompetanse og for å sikre kvalitet i tenestene. Det er difor rådmannen ikkje kan gå inn for å opprette fleire små stillingar som akkurat vil kunne dekke ein auke i turnusen med 5.748 timar, som svarar til om lag 3,5 årsverk. Rådmannen meiner at det er behov for ein auke med 6 heile årsverk for å utvide kapasiteten til å kunne ta i bruk fleire rom. Dette gjev ein auke i lønskostnadar på kr 3,9 mill. I tillegg vil det ved ein kapasitetsauke kome auke i andre driftskostnadar, men dette er ikkje utgreidd ennå.

#### **Framlegg til vedtak:**

«Formannskapet bed rådmann om å:

1. Som del av økonomiplanarbeidet og budsjettarbeidet for 2018 å utgreie eit nytt omsorgstilbod som i tenestenivå er høgare enn dagens omsorgsbustader, men noko lågare enn på sjukeheimen, og vurdere etablering av eit slikt tilbod opp mot auke i talet på plassar på sjukeheimen.
2. Etter at rekneskapen for 2016 er ferdig og inntektsgrunnlaget for 2017 endeleg avklart med befolkningstal per 1. januar 2017 vil rådmannen i samband med framlegging av rekneskapen.»

#### **Formannskapet - 19/2017**

#### **FS - behandling:**

#### **Fellesframlegg i møtet:**

«Slik kommunestyret vurderer no-situasjonen på sjukeheimen, ser vi det som avgjerande at vi finn ei løysing på situasjonen så snart som mogleg.

Årleg kostnad, kr 3,9 mill (600 % stilling)  
**Kostnad, normal drift 1.7.2017: kr 1,95 mill.**

**Inndekning: kr 1,95 mill**  
bruk av disposisjonsfond (overskot på 2016 rekneskapen).

Romma skal vere i drift frå 1.4.2017.

Rådmannen må innarbeide ordinær drift av dei fire romma på Nordgardstunet i 2018-budsjettet.»

**Dette framlegget vart samrøystes vedteke.**

**FS - samrøystes framlegg til vedtak:**

«Slik kommunestyret vurderer no-situasjonen på sjukeheimen, ser vi det som avgjerande at vi finn ei løysing på situasjonen så snart som mogleg.

Årleg kostnad, kr 3,9 mill (600 % stilling)  
**Kostnad, normal drift 1.7.2017: kr 1,95 mill.**

**Inndekning: kr 1,95 mill**  
bruk av disposisjonsfond (overskot på 2016 rekneskapen).

Romma skal vere i drift frå 1.4.2017.

Rådmannen må innarbeide ordinær drift av dei fire romma på Nordgardstunet i 2018-budsjettet. »

### **Kommunestyret - 10/2017**

**KS - behandling:**

**KS - samrøystes vedtak:**

Slik kommunestyret vurderer no-situasjonen på sjukeheimen, ser vi det som avgjerande at vi finn ei løysing på situasjonen så snart som mogleg.

Årleg kostnad, kr 3,9 mill (600 % stilling)  
**Kostnad, normal drift 1.7.2017: kr 1,95 mill.**

**Inndekning: kr 1,95 mill**  
bruk av disposisjonsfond (overskot på 2016 rekneskapen).

Romma skal vere i drift frå 1.4.2017.

Rådmannen må innarbeide ordinær drift av dei fire romma på Nordgardstunet i 2018-budsjettet.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 153	17/405

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
18/2017	Formannskapet	PS	22.02.2017
11/2017	Kommunestyret	PS	08.03.2017

## Budsjettendring 2017 - investeringar

### Vedlegg:

Budsjett invest-2017 framlegg endring 12.02.17

Invest bud-2016 - lånemidlar overf. til 2017-oppd 12.02.17

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Revidering av investeringsbudsjettet vert gjort fordi vi har ein del prosjekt som var budsjettert og finansiert i 2016 som vi ikkje vart ferdige med innan årsslutt, og nokre som vi ikkje kom i gong med i 2016 som planlagt i budsjettet. Nokre av desse er budsjettert på nytt i 2017 i det vedtekne budsjettet (sak 124/2016 i budsjettmøtet i desember 2016) fordi vi visste at dei vart forseinka, medan andre må budsjetterast på nytt i 2017. For slike prosjekt endrar vi ikkje det totale prosjektbudsjettet, men det er kun snakk om forskyving frå 2016 til 2017. I sum gjer vi framlegg om overføring av kr 55,84 mill. frå 2016 til 2017. Som del av dette er det overført midlar (til saman ca kr 1,5 mill.) mellom prosjekt, i hovudsak innanfor VA-området.

Revidert framdrift på dei einskilde prosjekt gjer at det er relativt store summar som blir overført frå 2016 til 2017. Justeringane framgår av budsjett rapportane gjennom året, men utan at det blir gjort eigne vedtak om endringane. Frå 2017 bør budsjettet justerast etter kvart som prosjektgjennomføringa gjer det nødvendig, i staden for gjennom større samlesaker 1 – 2 gonger i året. Dersom vedtak om budsjettjustering blir kopla til rapportering blir det enklare å følgje med på utviklinga gjennom året.

Ei anna årsak til at ein ligg etter i forhold til dei budsjetterte summene er at vi ikkje har vore gode nok til å planlegge den økonomiske framdriften i prosjektet, likviditetsbudsjettet. Særleg gjeld dette prosjekta for utviding av skulane, der påløpte kostnader i 2016 er betydeleg lågare enn budsjettert. Dette betyr ikkje at framdrifta i sjølve utbyggingane er forsinka, men at vi vert fakturert seinare enn budsjettert frå utbyggjarane.

Vi har og i framlegget teke med 2 nye prosjekt i budsjettet for 2017 på til saman kr 500.000,- eks mva eller kr 675.000,- inkl. mva-refusjon. I realiteten er det utegløynte prosjekt, prosjekt som er planlagt gjennomført i 2017, men som ikkje kom med i rådmannen sitt budsjettframlegg.



Desse er:

- Ladepunkt El-bilar på sjukeheimen
- Restaurering Meieribyget, prosjekteringsmidlar

På prosjekt 663 (Separering Grønlandsområdet) ligg det inne ei auke på kr 5,44 mill. ut over midlar som er overført frå 2016. Sjå eiga sak som omhandlar status og utvikling i dette prosjektet.

Budsjettet for prosjekt 601 (Nytt vassbehandlingsanlegg Hestdal) er redusert til kr 15 mill. i 2017. I tillegg er kr 2,6 mill. i ubrukte lånemidlar frå 2016 overført til seinare bruk. I realiteten vert dermed frigjorte lånemidlar frå dette prosjektet totalt kr 22,6 mill.

Tabell som viser at vi netto gjer framlegg om auke i investeringsbudsjettet med kr 39,808 mill:

Sum budsjett prosjekt overført fra 2016:	56 293
Nye prosjekt 2017 - auke:	675
Auke i 2017 på prosjekt 663, separering Grønlandsområdet ut over midlar overført frå 2016:	5 440
Reduksjon prosj. 601 Vassbeh. anl. Hestdal i 2017 - overf. 2018:	-22 600
<b>Sum budsjettauke 2017:</b>	<b>39 808</b>

Budsjettauken er finansiert slik:

Mva-refusjon	7 318
Bruk av kapitalfond	220
Lånemidlar	32 270
<b>Sum finansiering:</b>	<b>39 808</b>

Investeringsbudsjett ihht. budsjettvedtaket for 2017: kr 154.962.500,-  
Sum investeringsbudsjett etter framlegg til endringar: kr 194.317.500,-

Vedlagt dette notatet ligg tabell som viser førebels investeringsrekneskap for 2016 samanlikna med budsjett. Oversikta viser at vi har i 2016 har kapitalkostnadar med kr 95,7 mill samanlikna med eit budsjett på kr 179,3 mill. Bruk av lånemidlar er bokført med kr 79,8 mill, av budsjettet kr 148 mill. Ikkje brukte lånemidlar for 2016 er dermed kr 68,2 mill. Av dette gjer vi framlegg om å flytte kr 48,6 mill til 2017.

### **Kommentarar til endring i budsjettet per prosjekt:**

#### 100: IKT-utstyr

Kr 140.000,- er ubrukt av lånemidlar i 2016. Overfører desse for å ha ekstra midlar i 2017 til å dekke kostnadar med å kjøpe nye prosjektorar til formannskapssalen, kantina og på møteromma på rådhuset. I tillegg kjem mva-refusjon på kr 35.000,- slik at total auke i 2017 vert kr 175.000,-. Ny ramme på prosjektet i 2017 vert kr 862.500,-. inkl. mva.

#### 256: Datautstyr skulane

Stort behov for midlar til dette. I hovudsak vert midlane brukt til elevPC-ar i skulane. Overføre ubrukte midlar i 2016 på kr 100.000,-. I tillegg kjem mva-refusjon på kr 25.000,- slik at total auke i 2017 vert kr 125.000,-. Ny ramme på prosjektet i 2017 vert kr 500.000,-. inkl. mva.

#### 761: Trafikksikring

Planlagte tiltak ikkje ferdig. Overføre ubrukte midlar i 2016 på kr 190.000,-. I tillegg kjem mva-refusjon på kr 48.000,- slik at total auke i 2017 vert kr 238.000,-. Ny ramme på prosjektet i 2017 vert kr 613.000,-. inkl. mva.

#### 762: Kommunale bygg

Planlagde tiltak ikkje ferdig. Overføre ubrukte midlar i 2016 på kr 650.000,-. I tillegg kjem mva-refusjon på kr 162.500,- slik at total auke i 2017 vert kr 812.500,-. Ny ramme på prosjektet i 2017 vert kr 2.312.500,- inkl. mva.

#### 786: Hurtiglادestation Frekhaug sentrum

Prosjektet ikkje ferdig i 2016, tilskot kjem ikkje til utbetaling før i 2017. Ikkje budsjettert i 2017 i utgangspunktet. Overføre ubrukte midlar i 2016 på kr 310.000,-. Ikkje mva på prosjektet,- slik at total overføring til 2017 vert kr 310.000,-, som og vert ny ramme på prosjektet i 2017.

#### 791: Utbetring, opprensning, gangsti og veglys Mjåtveittjørna

Prosjektet vart fremja som tilleggspunkt i budsjettvedtaket i sak 124/2016. Det vart ikkje spesifisert i vedtaket om budsjettsummen er med eller utan mva, og heller ikkje korleis prosjektet skal finansierast. På alle andre tilleggspunkt i budsjettvedtaket vart det brukt disposisjonsfond som finansieringskilde, og administrasjonen har difor lagt dette til grunn også for dette prosjektet i budsjettet for 2017 som er sendt til Fylkesmannen for informasjon. Administrasjonen legg likevel fram prosjektet på nytt, slik at kommunestyret kan bekrefte rett finansiering.

Prosjektet sin karakter er slik at vi reknar med at vil kunne få momsrefusjon for kostnadane, og legg dette inn som auke i budsjettet for 2017 med kr 112.500,- i tillegg til den vedtekne summen på kr 450.000,-. Ny ramme på prosjektet i 2017 vert såleis kr 562.500,- inkl. mva.

#### Fortau Mjåtveitvegen

Forsinka prosjekt frå 2012 og derfor nytt prosjekt i 2017. Kommunen har forplikta seg til å stå for grunnverv i utbyggingsavtalen for Løypetona. Ubrukte midlar for 2016 til prosjekt nr 778 Gangbru Mjåtveitvegen er overført til dette prosjektet. Er kjøp av grunn for fortau/ vegutviding, og det er difor ikkje rekna med mva-refusjon.

#### 253: Tilbygg Grasdal skule

Status prosjektet er som i tabellen nedanfor basert på førebels rekneskap for 2016:

<b>253 - Tilbygg Grasdal skule</b>	<b>Reknesk. 2015</b>	<b>Reknesk. 2016</b>	<b>Sum påløpt</b>	<b>Budsjett totalt</b>	<b>Rest 2017</b>	<b>Budsjett 2017</b>
Påløpt eks mva:	1 096 436	8 951 308	10 047 744	37 300 000	27 252 256	27 250 000
Påløpt mva:	220 708	2 216 630	2 437 338	9 200 000	6 762 662	6 760 000
<b>Sum påløpt:</b>	<b>1 317 144</b>	<b>11 167 938</b>	<b>12 485 082</b>	<b>46 500 000</b>	<b>34 014 918</b>	<b>34 010 000</b>
	-			-		
Lånemidlar:	1 096 436	8 951 308	10 047 744	37 300 000	27 252 256	27 250 000

Sum påløpt per 31.12.2016 er kr 12,5 mill, som er noko mindre enn budsjettert. Totalbudsjettet er på kr 46,5 mill. Rest budsjett for 2017 må difor bli kr 34,01 mill, inkl. mva på kr 6,76 mill. Budsjettet for 2017 viser 20,25 mill. Det innebærer av vi må auke budsjettet for 2017 med kr 13,76 mill inkl. mva.

#### 254: Tilbygg Sagstad skule

Status prosjektet er som i tabellen nedanfor basert på førebels rekneskap for 2016:

<b>254 - Tilbygg Sagstad skule</b>	<b>Reknesk. 2015</b>	<b>Reknesk. 2016</b>	<b>Sum påløpt</b>	<b>Budsjett totalt</b>	<b>Rest 2017</b>	<b>Budsjett 2017</b>
Påløpt eks mva:	1 593 232	17 313 306	18 906 539	58 800 000	39 893 461	39 900 000
Påløpt mva:	321 539	4 299 549	4 621 088	14 700 000	10 078 912	10 075 000
<b>Sum påløpt:</b>	<b>1 914 772</b>	<b>21 612 855</b>	<b>23 527 627</b>	<b>73 500 000</b>	<b>49 972 373</b>	<b>49 975 000</b>
	-			-		
Lånemidlar:	1 593 232	17 313 306	18 906 539	58 800 000	39 893 461	39 900 000

Sum påløpt per 31.12.2016 er kr 23,5 mill., som er noko mindre enn budsjettert. Totalbudsjettet er på kr 73,5 mill. Rest budsjett for 2017 må difor bli kr 49,975 mill., inkl. mva på kr 10,075 mill.

Budsjettet for 2017 viser 33,875 mill. Det innebærer at vi må auke budsjettet for 2017 med kr 16,1 mill. inkl. mva.

#### 257: Uteområde skular

Tiltaket vert budsjettert kvart år, og prioriteringane vert gjort i samråd med rektorane. Overføre ubrukte midlar i 2016 på kr 80.000,-. I tillegg kjem mva-refusjon på kr 20.000,- slik at total auke i 2017 vert kr 100.000,-. Ny ramme på prosjektet i 2017 vert kr 350.000,- inkl. mva.

#### 258: Ventilasjon Symjehall Rosslund skule - tiltakspakke 2016

Prosjektet er finansiert med statlege skjønsmidlar. Planlagte tiltak er i slutfasen men ikkje ferdig, og tilskotet som ikkje er brukt i 2016 på kr 220.000,- vert avsett som bunde investeringsfond i 2016, for finansiering i 2017 av restprosjektet. I tillegg kjem mva-ref. på kr 55.000,- slik at total ramme i 2017 vert kr 275.000,-.

#### 259: Vestbygd skule - ombygging

Planlagde tiltak starta, men ikkje ferdig. Overføre ubrukte midlar i 2016 på kr 220.000,-. I tillegg kjem mva-refusjon på kr 55.000,- slik at total ramme i 2017 vert kr 275.000,-.

#### 261: Uteareal Sagstad skule

Ikkje påløpt kostnader i 2016, men grunnforhandlingane er i slutfasen. Overføre alle ubrukte midlar i 2016 på kr 500.000,- til 2017. Ikkje mva-refusjon på prosjektet. Ny ramme i 2017 vert kr 2.000.000,-.

#### 262: Utgreiing/planlegging ungdomsskule

Prosjektet vart fremja som tilleggspunkt i budsjettvedtaket i sak 124/2016 med ei ramme på kr 250.000,-. Det vart ikkje spesifisert i vedtaket om budsjettsummen er med eller utan mva. Økonomisjefen har lagt til grunn at summen i vedtaket er ekskl. mva. Prosjektet låg allereie inne rådmannen sitt budsjettframlegg for 2017 med same sum kr 250.000,-, pluss mva på kr 62.500,-, totalt kr 312.500,-. Økonomisjefen har og lagt til grunn at tilleggspunktet inneber auke i budsjettet for 2017. I det vedtekne budsjettet er difor ramma for dette prosjektet i 2017 kr 562.500,-, inkl. mva-refusjon på kr 62.500,-.

Vi reknar imidlertid med at vil kunne få momsrefusjon også for tilleggsføringa, og legg dette inn som auke i budsjettet for 2017 med kr 62.500,-. Ny ramme på prosjektet i 2017 vert såleis kr 625.000,- inkl. mva.

#### 350: Utleigebustader

Netto utlegg i 2016 ved kjøp av bustader er kr 3,13 mill. I tillegg har vi inngått kontraktar på bustader med overtaking i 2017. Restbetaling på desse er kr 4,74 mill. Sum forpliktingar er dermed kr 7,87 mill knytt til budsjettmidlane på kr 10 mill. tilgjengelege i 2016, og vi har igjen kr 2,13 mill av løyvinga i 2016 til disposisjon. Det er stort behov for utleigebustader for vanskelegstilte samstundes som det er behov for å erstatte noko av den eldste bustadmassen med nyare bustader. Rådmannen tilrår å overføre kr 4,74 mill. frå 2016 til 2017 som midlar til sluttoppgjør på bustader vi allereie har skrive kontrakt på. Rådmannen gjer vidare framlegg om å auke budsjettet for 2017 med kr 2,13 mill til kr 12,13 mill. til kjøp av nye bustader i 2017. Det er ikkje mva på brukte bustader.

#### 351: Omsorgsbustader

Ikkje påløpt kostnader i 2016. Summen er for liten til å dekkje dei særskilte behova som er til stades for krevjande brukarar, og rådmannen tilrår å overføre alle ubrukte midlar i 2016 på kr 3,1 mill til 2017. Ikkje mva-refusjon på prosjektet. Ny ramme i 2017 vert kr 6,2 mill.

#### 376: Omsorgsteknologi / kvardagsrehabilitering m/utstyr

Nytt prosjekt som vart lagt inn i investeringsbudsjettet for 2017 gjennom kommunestyret sitt

budsjettvedtak i sak 124/2016 med kr 1000.000,-. Det vart ikkje spesifisert i vedtaket om mva-refusjon er inkludert eller kjem i tillegg. Vi føreset at mva-refusjonen kjem i tillegg til det som vart vedteke. Dermed kjem mva-refusjon på kr 250.000,- som et tillegg slik at total ramme i 2017 på dette prosjektet vert kr 1.250.000,-inkl. mva.

#### Ladepunkt El-bilar - Sjukeheimen

Prosjektet vart utegløymt i budsjettbehandlinga i desember 2016. Prosjektet er ein del av elbil strategien til kommunen, og inneberer etablering av 15 ladepunkt i garasjen på Meland sjukeheim slik at heimetenesta kan ta i bruk elbilar. Kommunen har fått inntil 200 000 kr i tilskot frå staten i Klimasatsmidlar. Prosjektet vert vidare finansiert med 250 000 kr i lånemidlar og 112 500 kr i mva refusjon.

#### 570: Utviding av kyrkjegard

Det skal utarbeidast ein reguleringsplan for gravplassen. Det er engasjert konsulent og utført grunnundersøkingar, men det er framleis noko førebunde arbeid som gjenstår før ein vil varsle oppstart av planarbeid. Ubrukte planleggingsmidlar på 275 000 kr inkl. mva frå 2016 vert overført til 2017 slik at ny ramme for 2017 vert 900 000 kr inkl. mva.

#### 577: Brannvarslingsanlegg kyrkja

Prosjektet er starta og foregår i nært samarbeid med kyrkjekontoret. Kartlegging og vurdering er nærast fullført men kostnadene vil først bli belasta i 2017. Rådmannen tilrår å overføre ubrukne midlar frå 2016 til 2017 i sin heilskap. Ny ramme i 2017 vert kr 310.000,-. I tillegg kjem mva-refusjon på kr 78.000,- slik at total ramme i 2017 vert kr 388.000,-.

#### 578: Kjøp av sentrumsareal

Forhandlingane nærmar seg sluttfasen men kostnadene blir først belasta i 2017. Rådmannen tilrår å overføre ubrukne midlar frå 2016 til 2017 i sin heilskap. Ny ramme i 2017 vert kr 3 500 000,-. Det er ikkje mva på kjøp av eigedom.

#### 579: Nytt varmeanlegg og kabelnett kyrkja

Prosjektet er starta og foregår i nært samarbeid med kyrkjekontoret. Kartlegging og vurdering er nærast fullført men kostnadene vil først bli belasta i 2017. Rådmannen tilrår å overføre ubrukne midlar frå 2016 til 2017 i sin heilskap. Ny ramme i 2017 vert kr 300.000,-. I tillegg kjem mva-refusjon på kr 75.000,- slik at total ramme i 2017 vert kr 375.000,-.

#### 581: Kyrkje/kulturhus Frekhaug - Utgreiing og planlegging

Nytt prosjekt som vart lagt inn i investeringsbudsjettet for 2017 gjennom kommunestyret sitt budsjettvedtak i sak 124/2016. I tillegg kjem mva-refusjon på kr 75.000,- slik at total ramme i 2017 vert kr 375.000,-inkl. mva.

#### Restaurering av meieribygget

Prosjektet er lagt inn i økonomiplan investering for 2018. For å kunne gjennomføre prosjektet er det trong for midlar til planlegging i 2017, dette var utegløymt i budsjettvedtaket. Rådmannen tilrår å leggje inn kr 250.000,- til planlegging i 2017. I tillegg kjem mva-refusjon på kr 63.000,- slik at total ramme i 2017 vert kr 313.000,-.

#### 600: Vassledning Ådlandsvågen – Landsvik

Anlegget er ferdigstilt utanom nokon kostnader til oppgjer til grunneigarar ol. Prosjekt 600 Ådland-Landsvik har gått ca. kr 4 mill. under opprinneleg budsjett, men kr 3 mill. av desse har tidlegare blitt overført til prosjekt 663 Separering Grønland. Det vert overført 80 000 kr til å dekke inn resterande kostnader på prosjekt 600 i 2017. 0,9 mill vert overført til prosjekt 603 Fløksand-Beitingen for å dekke inn meirkostnader på dette prosjektet.

#### 601: Nytt vassbehandlingsanlegg Hestdal

På grunn av revidert framdrift er det overført kr 2,6 mill frå 2016 til 2017. For 2017 er budsjettet oppdatert i høve til aktivitet og foreslått redusert til kr 15 mill. Ca. 5,5 mill kr av dei reduserte midlane er foreslått overført til prosjekt 663 Separering Grønland, sjå eiga sak. Av den samla budsjettsummen for vassbehandlingsanlegget, slik den går fram av tiltaksplanen og økonomiplan investering, blir 22,6 mill overført til 2018 og evt. seinare. Kostnadsoverslaget for vassbehandlingsanlegget på Hestdal må reviderast når detaljprosjekteringa er ferdig.

#### 603: Vassledning Fløksand - Beitingen

Prosjektet vil gå inn i 2017 og resterande midlar på 220 000 kr frå 2016 må overførast. På grunn av eit misvisande estimat frå entreprenør på asfaltering av Beitingevegen vil prosjektet gå noko over budsjett. Kommunen vil få sluttrekneskap frå utførande entreprenør i løpet av februar, og først då vil ein få endeleg prosjektrekneskap. I denne omgang er det lagt inn at 0,9 mill. kan overførast frå prosjekt 600 Ådland-Landsvik for å dekke meirforbruket.

#### 606: Vassleiding Landsvik-Rosland

Konsulent held på med å detaljprosjektare anlegget. Ubrukte planleggingsmidlar på kr 360 000 frå 2016 må overførast til 2017. Sum prosjektbudsjett for 2017 vert dermed kr 10,96 mill.

#### 654: VA-kryssing E39

Arbeid som måtte gjerast i samband med bygging av E39. Kr 364.000,- påløpt i 2016, og rest budsjett på kr 390.000,- knytt til vatn og kr 750.000,- knytt til avlaup vert overført til 2017. Sum prosjektbudsjett for 2017 vert dermed kr 1,14 mill. Kommunen venter på faktura.

#### 662: Avlaupsleidning Holmeknappen-Tveit

Konsulent held på med å detaljprosjektare anlegget. Ubrukte planleggingsmidlar på kr 700 000 frå 2016 må overførast til 2017. Sum prosjektbudsjett for 2017 vert dermed kr 6,7 mill.

#### 663: Separering Grønlandsområdet

Sjå eigen sak for detaljar om prosjektet. Prosjektet var planlagt ferdig i 2016, men er forseinka, og får auka kostnader samanlikna med tidlegare vedtekne rammer. Kr 2,39 mill. er overført av restmidlar frå 2016, og kr 5,44 mill. er nye midlar budsjettet for 2017, slik at sum budsjett for 2017 vert kr 7,83 mill.

#### **Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner at det vert gjort endringar i budsjettet for 2017 slik:

Investeringsbudsjettet for 2017 vert auka med kr 39.355.000,- spesifisert på prosjekt som i tabellen vedlagt saksutgreiinga.

#### Finansiering:

- a. Auke i bruk av bundne kapitalfond kr 220.000,-
- b. Auke i bruk av ubrukne lånemidlar frå tidlegare år: kr 31.970.000,-
- d. Auke i mva-refusjon kr 7.317.500,-»

#### **Formannskapet - 18/2017**

#### **FS - behandling:**

I framlegg til vedtak var det opplyst at tala 39 355 000,- og 31 970 000,- er feile. Dei rette tala er 39 807 500,- og 32 270 000,- er rette.

**Tilleggspunkt frå Marit Jøssang, KrF:**

Utredning av formål, eigarform og driftsform må inngå som ein del av planlegginga til prosjektet "Restaurering av meieribygget".

**Avrøysting:**

Rådmannen sitt framlegg med ovannemnde justering av tal vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegg frå Marit Jøssang fekk 1 røyst for (KrF), 6 røyster mot, (2 AP, H, SP, V, Uavh), og fall.

**FS - samrøystes framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner at det vert gjort endringar i budsjettet for 2017 slik:

Investeringsbudsjettet for 2017 vert auka med kr 39.807 500,- spesifiserert på prosjekt som i tabellen vedlagt saksutgreiinga.

Finansiering:

- a. Auke i bruk av bundne kapitalfond kr 220.000,-
- b. Auke i bruk av ubrukte lånemidlar frå tidlegare år: kr 32.270.000,-
- d. Auke i mva-refusjon kr 7.317.500,-»

**Kommunestyret - 11/2017**

**KS - behandling:**

**KS - samrøystes vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner at det vert gjort endringar i budsjettet for 2017 slik:

Investeringsbudsjettet for 2017 vert auka med kr 39.807 500,- spesifiserert på prosjekt som i tabellen vedlagt saksutgreiinga.

Finansiering:

- a. Auke i bruk av bundne kapitalfond kr 220.000,-
- b. Auke i bruk av ubrukte lånemidlar frå tidlegare år: kr 32.270.000,-
- d. Auke i mva-refusjon kr 7.317.500,-»

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Kari Anne Iversen	FE - 011	17/257

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
12/2017	Kommunestyret	PS	08.03.2017

## Røystekrinsar ved stortings- og sametingsvalet 2017

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

I samsvar med vallova § 9-3 ( 1) er det kommunestyret eller valstyret etter delegering som avgjer kor mange røystekrinsar kommunen skal delast inn i. Valstyret avgjer kvar røystegjevinga skal gå føre seg og tidspunkt for røystegjevinga jf. vallova § 9-3 (2). Dersom endring i røystekrinsar er frist for å melde inn endringar i røystekrinsane til Sentral matrikkelmyndighet sett til 31. mars i valåret.

Ved stortings- og sametingsvalet 2013 stemte valstyret for å leggje ned Husebø og Flatøy krins. Kommunestyret hadde ikkje delegert til valstyret å avgjere kor mange røystekrinsar kommunen skulle delast inn i, og dette vedtaket vart erklært ugyldig. Saka kom opp på nytt i valstyret, der vedtaket vart å behalde valkrinsane slik dei var ved tidlegare val.

Ved dei siste vala har røystekrinsane vore slik:

Flatøy krins  
Grasdalen krins  
Sagstad krins  
Vestbygd krins  
Rosland krins  
Husebø krins

#### Vurdering

I kvart røystestyre skal det vere minst 3 medlemmer. Ved siste valet var det 4 i røystestyret i Flatøy krins og Husebø krins. I Husebø krins har vi leigd Husebø bedehus, Nordavinden. Leige for dette har vore 1000 kr. Røystelokalet på Flatøy har vore Flatøy skule. Så lenge Flatøy skule er kommunalt eigd, så er det ikkje knytt utgifter til leige.

Godtgjersle til røystestyret har vore kr. 2000 til leiar og kr. 1500 til nestleiar og medlemmer. For desse to røystekrinsane vil det utgjere kr 6 500 for kvar krins, tilsaman kr 13 000 + husleige.

I tillegg til at det er knytt utgifter til leige og godtgjersle har mange små krinsar også administrative kostnader slik som:

- Vaktmeistertjenester - utkøring, rigging av vallokale og opprydding etter valet
- Ved kommunestyretvalet medfører det ekstrakostnad i auke i tal på røystesetlar
- Føremøn å ha færre krinsar ved oppteljing av røyster

Dersom ein vil endra på krinsane vil det vere naturleg at veljarar i Husebø krins røyster i Rosslund krins og veljarar i Flatøy krins røyster i Sagstad krins.

Folkehelse Ikkje relevant i saka

Miljø Ikkje relevant i saka

Økonomi Talet på røystekrinsar har økonomiske konsekvensar iflg. saksutgreiinga over

### **Konklusjon**

Administrasjonen meiner det vil vere rasjonelt å redusere talet på røystekrinsar, slik at det totale talet vert sett til 4 krinsar.

### **Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner at røystekrinsane Husebø og Flatøy vert langt ned som eigne krinsar. Kommunestyret fastset Sagstad som ny røystekrins for Flatøy krins og Rosslund som ny røystekrins for Husebø krins.

Meland kommune har då 4 valkrinsar:

Grasdøl

Sagstad

Vestbygd

Rosslund»

### **Kommunestyret - 12/2017**

#### **KS - behandling:**

#### **Framlegg til vedtak frå Meland SP og Høgre:**

«Kommunestyret opprettheld følgende røystekrinsane:

Flatøy krins

Grasdøl krins

Sagstad krins

Vestbygd krins

Rosslund krins

Husebø krins»

#### **Avrøysting:**

**Framlegget frå Meland SP og Høger vart samrøystes vedteke.**



**KS - samrøystes vedtak:**

«Kommunestyret opprettheld følgende røystekrinsar:

Flatøy krins

Grasdal krins

Sagstad krins

Vestbygd krins

Rosland krins

Husebø krins»

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Kari Anne Iversen	FE - 044	17/258

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
13/2017	Kommunestyret	PS	08.03.2017

## Delegering av mynde til valstyret ved stortings- og sametingsvalet 2017

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

I kvart vallokale skal det vere eit eige røystestyre som skal leie gjennomføringa av valet på valdagen. Røystestyret skal ha minst tre medlemmer, og det skal veljast leiar og nestleiar. I tillegg kan kommunen engasjere assistentar som skal hjelpe til med gjennomføring av valet.

Val av røystestyre kan delegerast til valstyret jf. Vallova § 4-2.

### Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret delegerer til valstyret å velje røystestyre i kvar krins.»

### Kommunestyret - 13/2017

#### KS - behandling:

#### KS - samrøystes vedtak:

«Kommunestyret delegerer til valstyret å velje røystestyre i kvar krins.»

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anny Bastesen	FE - 044, TI - &00	17/333

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
22/2017	Formannskapet	PS	22.02.2017
14/2017	Kommunestyret	PS	08.03.2017

## **Oppdatering av delegeringsreglementet for Utval for Drift og Utvikling, mynde etter plan- og bygningslova, jordlova, konsesjonslova og odelslova**

### **Vedlegg:**

Delegeringsreglement UDU 2017  
Generelt reglement hovudutvala  
Delegering til rådmannen

### **Saksopplysningar:**

#### **Bakgrunn**

Reglement for politiske utval inneheld ofte to delar:

- Eit generelt reglement som seier noko om samansetting, arbeids- og ansvarsområde, møtstruktur mm
- Eit delegeringsreglement som definerer mynde i høve til lovverket

Det er varierende praksis rundt omkring i kommunane på korleis reglementet er framstilt. Nokre stader er dette stilt opp i to dokument, nokre i eitt dokument, nokre kommunar har eit generelt reglement og eigne vedtak om delegert mynde etter særlover. Meland er i den siste gruppa.

Kommunestyret godkjente det generelle reglementet for hovudutvala (Utval for Drift og Utvikling – UDU – og Utval for Levekår – ULK) i møtet 09.11.2016, sak 101/2016. For UDU sin del vart reglementet då oppdatert i høve til den endra arbeidsdelinga mellom UDU og formannskapet, i tråd med kommunestyret sitt vedtak i sak KS-109/08. UDU fekk der rolla som planutval etter plan- og bygningslova. Kommunestyret stadfesta ordninga etter ein prøveperiode på to år, i sak KS-057/11.

Når det gjeld delegert mynde etter særlover, har UDU fått tildelt mynde til å gjere vedtak på vegne av kommunen eller kommunestyret gjennom ei rekkje kommunestyrevedtak opp gjennom åra. Lovverket har i mellomtida endra seg, og det er trong for å samle og oppdatere delegeringsreglementet. Problemstillinga er ikkje like aktuell for ULK, sidan ULK ikkje gjer vedtak etter særlov.

Størstedelen av sakene som UDU behandlar gjeld vedtak etter plan- og bygningslova og vedtak etter jordlov, konsesjonslov og odelslov. For plan- og bygningslova sin del gjorde kommunestyret vedtak

om delegering av mynde til formannskapet, UDU og rådmannen i møte 24.06.2009, sak KS-063/09, i samband med endringar i plan- og bygningslova. For jordlova, konsesjonslova og odelslova sin del gjorde kommunestyret vedtak om delegering av mynde til utvalet i 2004, sak KS-018/04.

UDU behandlar i tillegg enkelte tilskotsordningar i landbruket og saker knytt til viltfondet og viltforvaltninga, i tråd med eigne vedtak om strategiar / tiltaksplanar mm. Vidare gjer UDU vedtak om trafikkisikringstiltak og vedlikehaldstiltak, på bakgrunn av kommunestyret sitt årlege budsjettvedtak. Desse sakstypene er ikkje tema denne gongen, då denne arbeidsdelinga mellom politisk og administrativt nivå ikkje nødvendigvis er avhenging av delegert mynde etter særlov.

Administrasjonen har samla saksområda der UDU har fått delegert mynde frå kommunestyret til å gjere vedtak etter plan- og bygningslova og etter jordlov, konsesjonslov og odelslov, og stilt dette opp i eit nytt dokument. Teksten er oppdatert etter seinaste lovendringar og det er teke inn nokre presisjonar for å tydeleggjere skildnaden mellom mynde lagt til rådmannen og mynde lagt til UDU. Dette fordi delegering til rådmannen ikkje er teke med i denne oppstillinga. Delegering av mynde frå kommunestyret til rådmannen vart sist godkjent av kommunestyret i møte 14.12.2016, sak 128/16.

Heimel til å delegere mynde etter plan- og bygningslova (pbl) følger av lova sjølv, jf pbl § 3-3, og av kommunelova § 10. Delegering av mynde etter jordlov, konsesjonslov og odelslov følger av eiga forskrift, «Vedtak om overføring av myndighet til kommunen, fylkeskommunen, Landbruksdirektoratet» mm § 1 og kommunelova § 10.

### **Vurdering**

I denne omgangen tek ikkje administrasjonen stilling til om det generelle reglementet for utvala og delegering etter særlov bør samlast i eitt dokument eller ikkje. Det viktigaste har vore å presentere UDU sin mynde til å fatte vedtak etter særlover. Det er ikkje tatt inn nye eller endra saksområde / sakstypar enn kva som ligg i gjeldande ordning.

Folkehelse: Ikkje relevant for denne saka

Miljø: Ikkje relevant for denne saka

Økonomi: Ikkje relevant for denne saka

### **Konklusjon**

Administrasjonen rår til at kommunestyret godkjenner delegeringsreglementet for UDU datert 08.02.2017.

### **Framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner delegeringsreglement for UDU etter plan- og bygningslova, jordlova, konsesjonslova og odelslova, datert 08.02.2017. Vedtaket er heimla i kommunelova § 10, plan- og bygningslova § 3-3 og forskrift «Vedtak om overføring av myndighet til kommunen, fylkeskommunen, Landbruksdirektoratet» mm § 1.

## **Formannskapet - 22/2017**

### **FS - behandling:**

**FS - samrøystes framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner delegeringsreglement for UDU etter plan- og bygningslova, jordlova, konsesjonslova og odelslova, datert 08.02.2017. Vedtaket er heimla i kommunelova § 10, plan- og bygningslova § 3-3 og forskrift «Vedtak om overføring av myndighet til kommunen, fylkeskommunen, Landbruksdirektoratet» mm § 1.

**Kommunestyret - 14/2017****KS - behandling:****KS - samrøystes vedtak:**

Kommunestyret godkjenner delegeringsreglement for UDU etter plan- og bygningslova, jordlova, konsesjonslova og odelslova, datert 08.02.2017. Vedtaket er heimla i kommunelova § 10, plan- og bygningslova § 3-3 og forskrift «Vedtak om overføring av myndighet til kommunen, fylkeskommunen, Landbruksdirektoratet» mm § 1.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Berit M.Eskeland	FE - 144, FA - Q89	16/757

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
17/2017	Utval for drift og utvikling	PS	07.03.2017
15/2017	Kommunestyret	PS	08.03.2017

## Tiltaksplan for trafikksikring 2017 - 2020

### Vedlegg:

Tiltaksplan for trafikksikring 2017-2020

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Tiltaksplan for trafikksikring 2017-2020 er ein revisjon av Tiltaksplan for trafikksikring 2012-2016. Planen er som sist utarbeidd av administrasjonen i Meland kommune.

Planarbeidet vart starta opp våren 2016. Kommunen annonserte arbeidet og oppmoda innbyggjarane om å kome med innspel til trafikksikringsplanen. Alle innspela er kommentert i framlegget til trafikksikringsplan. Mange av dei mottekne innspela er teke med i handlingsdelen til tiltaksplanen.

### Vurdering

Ein oppdatert trafikksikringsplan er viktig for å sikre at kommunen har eit godt og systematisk arbeid med trafikksikring. Planen har sitt utgangspunkt i nullvisjonen der målsetninga er at ingen vert drepne eller varig skadd i trafikken. Visjonen legg til grunn eit langsiktig, systematisk og målretta arbeid av alle aktørar som påverkar tryggleiken i vegsystemet.

Det har vore ei auke i trafikkulukker i Meland kommune dei seinare åra. I same periode har det vore sterk folke- og trafikkvekst, noko som gjev auka risiko for ulukker. Samtidig har alvorsgraden på ulukkene gått ned, noko som er ei positiv utvikling. Det skjer flest ulukker på E39 og FV 564, og dei fleste av ulukkene i Meland er utforkøyringsulukker.

Det er formulert tre satsingsområde for trafikksikringsarbeidet i planen:

1. Barn og unge
2. Kommuneplanlegging og forvaltning
3. Fysiske tiltak

Tiltaka i handlingsplanen har sitt utgangspunkt i desse satsingsområda. På kommunale vegar er det kommunen sjølv som er ansvarleg for gjennomføring av tiltak, medan det på europaveg og fylkesveg er Statens vegvesen som gjennomfører tiltak. Konkrete tiltak på kommunale vegar og veglys vil bli

fremma i ein eigen årleg handlingsplan til Utval for drift og utvikling. Utvalet avgjer kva tiltak som skal prioriterast kvart år, basert på tiltaka lista i kapittel 6. Tiltaka som kan gjennomførast vil vere avhengig av det kommunale budsjettet og evt. tilskotsmidlar.

På fylkesveger er det Statens vegvesen som gjennomfører tiltak og Hordaland fylkeskommune som har ansvar for å løyve pengar. Her har administrasjonen sett opp ei behovsliste i prioritert rekkefølge, som kan vere utgangspunkt for vidare prioriteringer i regionale planer og budsjett.

### **Høyringsrunde**

Tiltaksplanen har vore på høyring i perioden 27.01.2017 – 17.02.2017. Kommunen fekk inn fire innspel til planen. To av innspela støtta opp om etablering av fartshumper i Skurtveitvegen. Eit innspel gjaldt etablering av G/S frå Øvre-Fosse til Sagstad skule. Dette er teke med i planen, men vil vere eit stort tiltak som ikkje kan gjennomførast ved bruk av dei ordinære trafikksikringsmidlane.

I høyringsuttalen frå Statens vegvesen er det spelt inn at planen ikkje har tiltak spesifikt retta mot å redusere tal utforkøyringsulukker. I kap 6 er det no lagt inn fleire tiltak på både fylkes- og kommunale vegar der det er behov for anten rekkverk og/eller oppfylling av sideterreng.

Folkehelse – Vurdert i planen

Miljø – Ikkje relevant

Økonomi – Vert behandla som ein del av årlege budsjett og handlingsplanar

### **Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner Tiltaksplan for trafikksikring 2017 -2020.»

### **Utval for drift og utvikling - 17/2017**

#### **UDU - behandling:**

**Asbjørn Larsen, AP**, kom med følgjande tillegg til administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

"Kan ein sjå på dette med veglys Moldekleiv-Grasdal, såkalla Håtuftvegen."

**Erling Rønnestad, KrF**, kom med følgjande tillegg til administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

"Ynskje frå Eldrerådet om at det vert prioritert å setje opp enkle veglys der det er postkassestativ. Dette for å sikre mjuke trafikantar."

**Ved røysting fekk administrasjonen sitt framlegg til vedtak med overnemnde tillegg frå Asbjørn Larsen, AP, og Erling Rønnestad, KrF, 8 røyster for, 0 i mot og er såleis vedteke.**

#### **UDU - samrøystes framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner Tiltaksplan for trafikksikring 2017 -2020. Det må sjåast på oppsetting av veglys Moldekleiv-Grasdal, såkalla Håtuftvegen. Eldrerådet ber om at det vert prioritert å setje opp enkle veglys der det er postkassestativ. Dette for å sikre mjuke trafikantar.»

## **Kommunestyret - 15/2017**

### **KS - behandling:**

#### **KS - samrøystes vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner Tiltaksplan for trafikkisikring 2017 -2020.  
Kan ein sjå på dette med veglys Moldekleiv-Grasdal, såkalla Håtuftevegen.  
Ynskje frå Eldrerådet om at det vert prioritert å setje opp enkle veglys der det er  
postkassestativ. Dette for å sikre mjuke trafikkantar.»



# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Marius Flemmen Knudsen	FA - K01, TI - &13	17/4

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
15/2017	Utval for drift og utvikling	PS	07.03.2017
16/2017	Kommunestyret	PS	08.03.2017

## Høyring - forslag om oppheving av vannscooterforskrifta

### Vedlegg:

Høyring om oppheving av vannscooterforskriften

Utkast til forskrift om endring av forskrift av 2. november 2012 nr. 1040 om(1)

Høring om oppheving av vannscooterforskriften

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Den 23. desember 2016 sendte Klima- og miljøverndepartementet ut høyringsbrev med forslag om å oppheva forskrift 21. juni nr. 701 om bruk av vannscooter o.l. Forslaget inneber også endring av i forskrift 2. november 2012 om bruk av mal og godkjenning av kommunale forskrifter om orden i og bruk av farvatn og hamner.

Bakgrunnen for forslaget er regjeringa si politiske plattform (Sundvoldenplattforma) der det er sagt at regjeringa vil fjerna unødige og særnorske forbod og påbod, mellom desse forbod mot vannscooter. Dagens regverk vart vedtatt i 2013, og tidlegare var det eit totalforbod mot vannscooterkøyring kor kommunane hadde avgrensa tilgang til å opne opp område for vannscooterkøyring lokalt.

Høyringsbrevet legg til grunn at det i dag finst fartøy med tilnærma liknande eigenskaper som vannscooter både i fart og støy. Desse er ikkje omfatta av vannscooterregelverket, berre av alminnelege reglar om ferdsel til sjøs. Regjeringa ser difor ikkje trong for å forskjellsbehandla vannscooter og andre fritidsfartøy, og har difor sendt eit forslag om å oppheva vannscooterforskrifta på høyring.

Dei konkrete forslaga departementet legg fram i høyringsnotat er:

- Vannscooterforskrifta i si heilskap oppheva, med verknad frå 1. mai 2017
- Endring av i forskrift 2. november 2012 om bruk av mal og godkjenning av kommunale forskrifter om orden i og bruk farvatn og hamner.

Oppheving av forskrifta vil innebere at det ikkje lenger finst ein nasjonal fastsatt særregulering for bruk av vannscooter, men dei generelle reglane for bruk av fartøy vil framleis gjelda for bruk av

vannscoter. Forslaget inneber at kommunane får ansvaret for å regulera bruken av vannscoter på same måte som for andre fartøy slik at dei lokale interessene vert sikra. Departementet viser til at hamne- og farvasslova og motorferdselslova gjev kommunane høve til å regulera bruken av vannscotere og andre fartøy etter lokale vurderingar.

Høyringsbrevet viser til at det i dag vert brukt få ressursar på administrasjon av vannscoter-regelverket, og at ei oppheving difor ikkje vil frigje nemneverdig med ressursar. Det gjeldande regelverket gjev klare avgrensingar for bruken av vannscoter, det er difor grunn til å meine at oppheving av forskrifta vil føre til at fleire vil bruke vannscoter. Dette kan krevje noko auka ressursar til kontroll og handheving.

Forslaget ligg nå ute på høyring til 23. mars 2017, og høyringsdokumenta ligg ute på <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-av-forslag-om-oppheving-av-vannscoterforskriften/id2523612/>.

## Vurdering

Dagens regelverk som gjeld vannscoter og liknande fartøy gjeld for Norges territorial farvatn og innanlands farvatn (inkludert elvar, kanalar og innsjøar). Forskrifta har generelle reglar som stiller krav til CE-merking av vannscoter og krav til varsom køyring. Vidare har forskrifta meir spesifikke krav til kvar ein kan nytta vannscoter. I sjø er det eit forbodsbelt på 400 meter frå land, medan i ferskvatn er forbodsbeltet på 500 meter. Det er tillate med transportkøyring i forbodsbeltet, då for transport for å komme seg ut av forbodsbeltet og ikkje med høgare fart enn 5 knop. Det er i dag totalforbod mot køyring i verneområde, elvestrekningar og innanfor merka badeområde.

Oppheving av forskrifta vil medføre at forbodssonene langs land vert fjerna. Det vil fortsatt kunne vere avgrensingar i konkrete område slik som områdeverna etter naturmangfaldslova eller område i tilknytning til akvakultur. Dette vert regulert av dei alminnelege reglane for fartøy.

Det er grunn til å tru at liberaliseringa vil føre til auka vannscotertrafikk. Som departementet påpeiker vil auka trafikk truleg auke potensialet for konflikhtar mellom vannscotere og andre brukargrupper som hyttefolk, fastbuande, båtfolk og andre brukargrupper innan friluftsliv. Departementet peikar på at kommunane i staden sjølve kan regulere bruken av vannscoter gjennom hamne- og farvasslova, motorferdselslova og den sentrale fartsforskrifta. Departementet meiner at oppheving av forskrifta vil sikra eit meir einsarta nasjonalt regelverk som er meir brukarvennleg, og lettare å handheve. Dei viser vidare til ein rapport som Vista Analyse m.fl. gjorde om evaluering av lovverket hausten 2014. Formålet med evalueringa var å vurdere om regelverket fungerte etter hensikta. Der konkluderte dei mellom anna med at regelverket ikkje er utforma slik at det er mogleg å handheva og kontrollera. Rapporten frå Vista Analyse konkluderte med at dagens regelverk ivaretar omsynet til natur og friluftslivinteresser.

Vannscoter er i utgangspunktet ikkje eit nyttekøretøy for sjøtransport, men meir eit leikekøretøy eller sportskøretøy. Som departementet viser til kan bruken av vannscoter føre til ulemper, og desse ulempene vil kunne variera mellom ulike landsdeler. Særleg peikar dei på ulempene for friluftslivet langs kysten og for folk i område der det er mykje hus/hytter langs sjøen.

Administrasjonen meiner at det er uheldig at oppheving av ei nasjonal forskrift medfører auka konfliktnivå mellom ulike brukargrupper langs strandssona og i sjøen.

Administrasjonen støtter departementet si vurdering av at eit regelverk må kunne handhevast, men meiner at ein risikerer å få ein situasjon med mange kommunale forskrifter som ikkje vil gjere handhevinga av regelverket lettare. Det er riktig at kommunane har høve til å regulera ferdselen gjennom lokale forskrifter, noko som Meland kommune har gjort for Rylandsvassdraget. Dersom kommunane sjølve skal regulera ferdselen etter lokale forskrifter vil det truleg vere vanskelegare for dei som brukar vannscooter å halde seg til reglar som vil kunne variera mellom nabokommunar. Handheving av eit skiftande regleverk langs kysten vil høgst sannsynleg vere utfordrande.

Det er grunn til å tru at auka bruk av vannscooter vil medføre visse negative effektar på natur. Departementet meiner at kommunane har betre oversikt over dette enn sentrale mynde. Departementet legg også til grunn at kommunane brukar noko ressursar på kartleggja og vege ulike omsyn opp mot kvarandre før dei eventuelt tek i bruk dei moglegheitene hamne- og farvasslova og motorferdselslova opnar for. Administrasjonen er einig i at kommunane har betre oversikt enn sentrale mynde over lokale forhold. Men det bør ikkje leggjast opp til ulike kommunale vurderingar av felles naturverdiar. Ei lokal regulering av vannscooterbruk kan føre til auka risiko for skade på miljø, t.d. på fuglelivet. Det vil verte mindre oversiktleg med mange ulike kommunale retningslinjer, både for dei som køyrer vannscooter og for dei som skal handheva regelverket.

Miljødirektoratet ga våren 2015 råd om korleis resultatane frå Vista Analyse sin rapport bør følgjast opp. Her seier direktoratet at hovudprinsippa i dagens regelverk bør førast vidare, og at det foreløpig ikkje bør gjerast endringar i reglane om forbodsområde. Administrasjonen kan ikkje sjå at departementet i sitt høyringsbrev har gjort konkrete vurderingar av Miljødirektoratet sitt innspel.

Kystverket og sjøfartsdirektoratet vart våren 2015 bedne om å komme med synspunkt på evalueringa, foreslå endringar og formidle erfaringar med regelverket basert på rapporten frå Vista Analyse. Kystverket meiner at dagens forbodssone inneber ein forskjellsbehandling i høve til andre fartøy. Sjøfartsdirektoratet meiner at forbodssona har negative konsekvensar fordi køyring med vannscooter fleire stader må foregå i område med bølgehøgde som er større enn det fartøyet er konstruert for. Sjøfartsdirektoratet er elles bekymra for fartsgrensa på 5 knop for transportkøyring gjennom forbodssona. Dei meiner at det kan oppstå farlege situasjonar for vannscooterføraren og anna trafikk dersom ein vannscooter må halde lågare fart i farled.

Administrasjonen ser at tryggleik for dei som ferdast på sjøen er viktig, og at bruk av vannscooter skal kunne skje på ein trygg og god måte. Men administrasjonen meiner det bør vere mogleg å gjere bruken tryggare i høve til dei forholda som Kystverket og Sjøfartsdirektoratet viser til, utan å oppheva heile forskrifta. Administrasjonen meiner at forskrifta bør kunne ta omsyn til tryggleik og framkomst, samstundes som den tek omsyn til natur og friluftsliv.

### **Konklusjon**

Administrasjonen er einig med departementet om at regelverk må fungera som tiltenkt og at det må kunne handhevast. Likevel meiner administrasjonen at det er meir hensiktsmessig å oppdatere regelverket til å bli meir einsarta, meir brukarvenleg og lettare å handheva. Det vil vere uheldig om kommunar som grensar til kvar andre har ulike reglar. For brukarane av vannscooter er det ikkje lett å sjå ei kommunegrense i sjøen. Det same gjeld for dei som skal handheva regelverket.

Administrasjonen meiner på denne bakgrunnen at det ikkje er riktig å oppheve ei heil forskrift med den grunngevinga som departementet legg fram. Det er riktig at kommunane har betre kjennskap til lokale tilhøve enn sentrale myndigheter, men det vil krevje meir ressursar frå kommunane. Det er uheldig dersom oppheving av forskrifta vil auka risikoen for konflikhtar mellom ulike brukargrupper, og auka risiko for negativ påverknad på natur og miljø. Administrasjonen meiner det ikkje er riktig å flytte utfordringane med dagens regelverk vekk frå sentrale mynde, over på kommunane.

Administrasjonen meiner at for å kunne oppretthalde omsynet til fastbuande, friluftsliv, natur og tryggleik, er eit første steg til eit betre regelverk ikkje å oppheva heile forskrifta. Det er betre med ein gjennomgang og tilpassing av dagens regelverk. Det vil vere enklare å sikre eit meir einsarta og brukarvenleg regelverk med ein revidering og gjennomgang av dagens forskrift.

#### **Framlegg til vedtak:**

«Meland kommunestyre meiner at oppheving av forskrift 21. juni 2013 nr. 701 om bruk av vannscooter og lignende, ikkje er ei god løysing for å løyse dei utfordringane som er knytt til dagens regelverk.

Meland kommunestyre meiner det vil vere meir riktig med ein gjennomgang og justering av dagens forskrift for å ivareta tryggleik og framkomst, natur og miljø, og unngå auka risiko for konflikhtar. Ei sentral forskrift gjer det lettare å lage eit brukarvenleg og einsarta regleverk, som let seg handheva. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga og vurderinga ovanfor.»

### **Utval for drift og utvikling - 15/2017**

#### **UDU - behandling:**

#### **Framlegg til vedtak frå Mabel Johansen, H:**

Meland kommunestyre støtter regjeringens forslag om å oppheve forskrift av 21.juni nr. 701 om bruk av vannscooter o.l.

#### **Begrunnelse:**

Regjeringens arbeid med effektivisering og forenkling er viktig. Omtalte forskrift er en nasjonal fastsatt særregulering av bruk av vannscooter. Det finnes i dag fartøy med tilnærmet liknende egenskaper som vannscooter både i fart og støy. Disse er ikke omfattet av vannscooterregelverket, bare av alminnelige regler om ferdsel til sjøs. Det er ingen grunn til å forskjellsbehandle vannscooter og andre fritidsfartøy, der det ikke finnes statlige særreguleringer.

Kommunen bør selv få ansvaret for å regulere bruken av vannscooter på samme måte som for andre fartøy, slik at de lokale interessene blir sikret. Havne- og farvannsloven, motorferdselsloven og den sentrale fartsforskriften er redskap som gir kommunen anledning til å regulere bruken av vannscootere og andre fartøy, etter kjennskap og vurderinger av lokale forhold.

Administrasjonen argumenterer med at det vil være krevende for de som bruker vannscooter å forholde seg til varierende regler mellom kommuner som grenser til samme sjø. Her er det naturlig med et samarbeid mellom kommunene for å sikre mest mulig lik regional regulering.

**Ved røysting fekk framlegg til vedtak frå Mabel Johansen, H, 2 røyster for, 6 imot (AP, SP, MDG, KrF) og fall.**

**Framlegg til vedtak frå administrasjonen fekk 6 røyster for, 2 imot (H) og er såleis vedteke.**

## **UDU – framlegg til vedtak - mot 2 røyster (H):**

«Meland kommunestyre meiner at oppheving av forskrift 21. juni 2013 nr. 701 om bruk av vannscooter og lignende, ikkje er ei god løysing for å løyse dei utfordringane som er knytt til dagens regelverk.

Meland kommunestyre meiner det vil vere meir riktig med ein gjennomgang og justering av dagens forskrift for å ivareta tryggleik og framkomst, natur og miljø, og unngå auka risiko for konflikhtar. Ei sentral forskrift gjer det lettare å lage eit brukarvenleg og einsarta regleverk, som let seg handheva. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga og vurderinga ovanfor.»

## **Kommunestyret - 16/2017**

### **KS - behandling:**

#### **Høgre fremja framlegg til vedtak i møtet i UDU frå Mabel Johansen :**

«Meland kommunestyre støtter regjeringens forslag om å oppheve forskrift av 21.juni nr. 701 om bruk av vannscooter o.l.

#### **Begrunnelse:**

Regjeringens arbeid med effektivisering og forenkling er viktig. Omtalte forskrift er en nasjonal fastsatt særregulering av bruk av vannscooter. Det finnes i dag fartøy med tilnærmet liknende egenskaper som vannscooter både i fart og støy. Disse er ikke omfattet av vannscooterregelverket, bare av alminnelige regler om ferdsel til sjøs. Det er ingen grunn til å forskjellsbehandle vannscooter og andre fritidsfartøy, der det ikke finnes statlige særreguleringer.

Kommunen bør selv få ansvaret for å regulere bruken av vannscooter på samme måte som for andre fartøy, slik at de lokale interessene blir sikret. Havne- og farvannsloven, motorferdselsloven og den sentrale fartsforskriften er redskap som gir kommunen anledning til å regulere bruken av vannscootere og andre fartøy, etter kjennskap og vurderinger av lokale forhold.

Administrasjonen argumenterer med at det vil være krevende for de som bruker vannscooter å forholde seg til varierende regler mellom kommuner som grenser til samme sjø. Her er det naturlig med et samarbeid mellom kommunene for å sikre mest mulig lik regional regulering.»

#### **Avrøysting:**

**Framlegg til vedtak frå UDU fekk 16 røyster for, (7 Ap, 2 Sp, 2 krF, 2 V, 2 MDG, 1 BF), 11 røyster mot og er såleis vedteke.**

**Framlegg til vedtak frå Høgre fekk 11 røyster for, (5 H, 4 FrP, 1 SP, 1 KrF), 16 røyster mot, og fall.**

### **KS – vedtak (mot 11 røyster):**

«Meland kommunestyre meiner at oppheving av forskrift 21. juni 2013 nr. 701 om bruk av vannscooter og lignende, ikkje er ei god løysing for å løyse dei utfordringane som er knytt til dagens regelverk.

Meland kommunestyre meiner det vil vere meir riktig med ein gjennomgang og justering av dagens forskrift for å ivareta tryggleik og framkomst, natur og miljø, og unngå auka risiko for konflikhtar. Ei sentral forskrift gjer det lettare å lage eit brukarvenleg og einsarta regleverk, som let seg handheva. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga og vurderinga ovanfor.»

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Kristin Nåmdal	FE - 141, FE - 142	17/338

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
23/2017	Formannskapet	PS	22.02.2017
17/2017	Kommunestyret	PS	08.03.2017

## Oppstart av rullering av kommuneplan, arealdel på deltema

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Planstrategi for Meland kommune 2016-2020 vart vedteke i kommunestyresak 104/2016.

Kommunestyre vedtok i planstrategien at kommuneplanen sin arealdel skal rullerast på deltema, næring og bustad. Arbeidet med næring skal ha særleg vekt på havbruksrelatert næring på land og vann.

#### Vurdering

##### 1. Havbruksrelatert næring

Akvakulturnæringa kan vise seg å bli ein av dei viktigaste næringane å satse på i framtida. Havnæring har eit stort potensiale langs vår kystline, difor er det viktig å kartlegge moglegheitane og avgrensingar framover. Næringa treng areal som er klar når dei har behov for å investere men arealplanlegging tek tid, difor må vi vere i forkant med å legge ut areal til dette føremålet. Dette temaet bør vi sjå i samheng med behov for areal i den havbruksrelaterte næringa i nabokommunane. Det er behov for heilskapleg planlegging og samordna vurdering av dei ulike interessene knytt til sjøareal og strandsona. Dette gjeld for fleire kommunar som vi har felles fjordsystem med, Radøy og Lindås særskilt.

Nordhordland IKS har søkt om og fått tildelt skjønsmidlar til å kartlegge næringa i område, synleggjere moglegheitane, og ha felles praksis i regionen.

Tema i søknaden er:

Vurdere aktivitetar i og ved fjordane som kan kombinerast og kva som vil vere i konflikt.

Vurdere potensiale for ulike oppdrettsarter.

Vurdere samanheng mellom akvakultur og landbaserte aktiviteter.

Avklare status i strandsoneanalyser i dei ulike kommunar.

Dette arbeidet er ikkje kome i gang, men vil bli prioritert i 2017. Meland kommune vil vere ein del av arbeidet. Dette vil vere verdfullt grunnlagsmateriale for Meland i arbeidet med å vurdere areal til havbruksrelatert næring i arealdelen.

## **2. Reiselivsbasert næringsutvikling**

Det er kome inn nye moment i høve reiselivsrelatert næringsutvikling etter arealdelen av kommuneplan var vedteke. Det gjeld planar for å utvikle Meland golf med bustader, hotell og næring knytt til reiseliv. Dersom dette skal realiserast må det gjerast endringer i arealføremålet i dette området.

## **3. Planlegging av vegtrase, Sambandet Vest AS, alternativ kryssing Bognøystraumen.**

Selskapet Sambandet Vest AS er etablert for å arbeide for planlegging og realisering av eit tverrsamband i aksa Sotra/Øygarden – Askøy - Nordhordland. I arbeidet med arealplan for Meland var det vurdert å leggje inn vegtraseen som da var under vurdering av Sambandet Vest AS. Dette gjaldt den delen som skal gå i Meland kommune. Dette vart ikkje godkjent av statlege myndige då vi hadde ulike alternativ og det var ikkje konkludert med ein vegtrase. Kommunen løyste det med å ha eit temakart som skisserte ulike alternativ som grunnlag for eit vidare arbeid. Etter den tid har styret i Sambandet Vest AS arbeida med ei konseptanalyse for å finne ein fagleg grunn til å gå vidare med ei løysning. Denne er no klar og dette arealet må forankrast i arealdelen av kommuneplan. Slik at vegtraseen vert juridisk bindane og vegplanleggjarane kan gå i gang med reguleringsarbeidet.

## **4. Areal for parkering og rasteplasser i Meland**

I arbeidet med Planstrategi for Meland kom det framlegg om å leggje til rette for rasteplasser og parkering i samband med turområder. Arbeidet med kartlegging er i gang, det er Utval for Levekår som styrer prosessen og administrasjonen som gjennomfører. Eit resultat av dette arbeidet kan vere at det er behov for å kartfeste areal i plan for å kunne gjere større tiltak. Difor foreslår administrasjon å ha areal for parkering og rasteplasser med som tema i rulleringa av arealplanen.

## **Kulturminnevernplan for Meland**

Kulturminnevernplan for Meland er under arbeid og skal avsluttast i våren 2017. Kulturmiljø som har høg kulturhistorisk verdi, bør bli verte vurdert forankra i kommuneplanen sin arealdel. Kulturmiljø med grunnlag i dei vurderingane som er gjort i temaplan, bør difor bli ein del av rulleringa av arealdelen.

## **Konklusjon**

Det er fem tema som peiker seg ut for ei avgrensa rullering av kommuneplanen sin arealdel:

- Meland golf- reiselivsrelatert næringsutvikling
- Sambandet Vest AS sitt val av vegløyningar over Meland

- Areal for parkering til attraktive turområder og rasteplasser
- Vurdering av omsynsoner kulturmiljø med grunnlag i temaplan kulturminne
- Areal for havbruksrelatert næring på land og vann

Når det gjeld havbruksrelatert næring er dette som nemnt i prosess som eit interkommunalt prosjekt. Det interkommunale arbeidet vert ein del av grunnlagsmateriale til eventuelle endringar i arealplanen for Meland. Areal som skal endra status i kommunane må vere ein del av ein juridisk bindane arealplan.

I alt planarbeid er vurderinger om bruk og vern av areal knytt tett saman. I arbeidet med arealdelen var ein av merknadane frå Fylkesmannen i Hordaland at det var for mykje areal som var lagt ut til bustader i planen. Det er sett av 1207 dekar areal til bustad i gjeldane arealplan. Det betyr at dersom kommunen vel ei full gjennomgang på deltema bustad, må vi vere presis på kvifor vi vel å vurdere noko på nytt. Dersom ein vurderer nye større områder for bustad, kan det vere at andre bustadsområder må setjast på vent. Administrasjon tilrår at vi i denne rulleringa ikkje tek ein full gjennomgang på nye areal for bustader, men konsentrerer oss om utviklinga av Meland golf.

### **Prosess**

Det å rullere kommuneplanen sin arealdel, krev eit planprogram som forklarar kva vi skal planlegge jmf § 11-13. Utarbeiding av planprogram. Framlegg til planprogram skal sendast på høyring og leggst ut til offentleg ettersyn, seinast samtidig med varsel om oppstart og kunngjering av planarbeidet. Planprogrammet vert fastsett av kommunestyret.

Arbeidet med planprogrammet vert starta opp våren 2017.

Formannskapet vert styringsgruppe for planarbeidet.

### **Framlegg til vedtak:**

«Formannskapet vedtek igangsetting av arbeidet med planprogram for rullering av kommuneplan sin arealdel på fem deltema:

Meland golf- reiselivsrelatert næringsutvikling.

Sambandet Vest AS sitt val av vegløysningar over Meland.

Areal for parkering til attraktive turområder og rasteplasser.

Vurdering av omsynsoner kulturmiljø med grunnlag i temaplan kulturminne.

Areal for havbruksrelatert næring på land og vann.

Vedtaket er gjort i medhald av Plb.§ 11-13.»



## **Formannskapet - 23/2017**

### **FS - behandling:**

#### **FS - samrøystes framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret vedtek igangsetting av arbeidet med planprogram for rullering av kommuneplan sin arealdel på fem deltema:

Meland golf- reiselivsrelatert næringsutvikling.

Sambandet Vest AS sitt val av vegløysningar over Meland.

Areal for parkering til attraktive turområder og rasteplasser.

Vurdering av omsynsoner kulturmiljø med grunnlag i temaplan kulturminne.

Areal for havbruksrelatert næring på land og vann.

Vedtaket er gjort i medhald av Plb.§ 11-13.»

## **Kommunestyret - 17/2017**

### **KS - behandling:**

#### **Felles tilleggsframlegg i møtet:**

1. Areal tilrettelagt for rosport, seglbrett og småbåtsegling.
2. Kartlegge eigna areal for gjenbruksmasser(div. typer jord og stein) i kommunen.
3. Havbruksrelatert næring..., samt areal for djupvassskai.
4. Vurdere område til ny barneskule i området Frekhaug - Dalstø.
5. Formannskapet må gjere prioritering.

#### **Framlegg i møte til endring pkt. 2 i formannskapet sitt framlegg til vedtak:**

Reiselivsrelatert næringsutvikling, t.d Meland Golf.

#### **Avrøysting:**

**Formannskapet sitt framlegg til vedtak pkt. 1, 3, 4 og 5 vart samrøystes vedteke.**

**Det vart røysta over kvart framlegg til tilleggspunkt i møte. Punkt 1 til 5 vart samrøystes vedteke.**

**Endringsframlegget i møtet pkt. 2 i formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**KS - samrøystes vedtak:**

«Kommunestyret vedtek igangsetting av arbeidet med planprogram for rullering av kommuneplan sin arealdel:

Reiselivsrelatert næringsutvikling, t.d Meland Golf.  
Sambandet Vest AS sitt val av vegløysningar over Meland.

Areal for parkering til attraktive turområder og rasteplasser.

Vurdering av omsynsoner kulturmiljø med grunnlag i temaplan kulturminne.

Areal for havbruksrelatert næring på land og vann, samt areal for djupvassskai.

Areal tilrettelagt for rosport, seglbrett og småbåtsegling.

Kartlegge eigna areal for gjenbruksmasser(div. typer jord og stein) i kommunen.

Vurdere område til ny barneskule i området Frekhaug - Dalstø.

Formannskapet må gjere prioritering.

Vedtaket er gjort i medhald av Plb.§ 11-13.»

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Øyvind H. Oddekalv	FA - M50, TI - &29	17/512

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
18/2017	Kommunestyret	PS	08.03.2017

## Interpellasjon - Kystrenovasjon

**Saksopplysningar:**  
**Bakgrunn**  
**Meland kommune**  
**5918 Frekhaug**

**Frekhaug 27. februar 2017**

**Til ordfører Øyvind Oddekalv**

### Interpellasjon om organisert kystrenovasjon

Denne vinteren har vi sett alvor i den marine forsøplinga på nært hald. Dokumentasjon på mengda plast i havet og på våre strender viser at livet i havet, det marine matfattet vårt og havnæringane våre er truga. Forskningsrapportar har påvist at over 90% av all sjøfugl i Nordsjøen har plast i magen. Ein tredel av all torsk i hamnebassenget i Bergen har det same.

FN sitt miljøprogram (UNEP) set marin plastforsøpling til å ha ein estimert kostnad på rundt 40 milliardar dollar kvart år i form av reduserte tenestar frå økosystem i havet. For Noreg, som har fiskeprodukt som nest største eksportkjelde, kan dette få store konsekvensar, også økonomisk. Ryktet om plastkvalen og søppel langs fjordane, i vikar og på strender spreiar seg fort, og har allereie fått internasjonal merksemd. Dårleg ry er vanskeleg å bli kvitt, og vi fryktar at og turistnæringa, som førebels har levd godt på rykte om Noreg som siste utpost for rein, urørt natur, også vil sjå negative konsekvensar som følgje av ureininga.

Fleire enn berre dei spesielt miljøinteressere har byrja å ta inn over seg kor stort omfang vårt plastforsøpling av naturen har, og at det einaste som no gjeld er konkret handling. Det er fantastisk å sjå at lokale oppryddingsaksjonar vert organisert over heile landet. På Sotra er til dømes aksjonen «Rydd kysten. Vik for vik» i gang, og har vakt internasjonal merksemd.

«Kystlotteriet» er eit tiltak i Østfold, ein del av prosjektet «Levende kystsatsing til Naturvernforbundet der. På Kystlotteriet sine eigne sider står følgjande:

*«Kystlotteriet er et samarbeid mellom lokalbefolkningen, lokalt næringsliv og ulike sponsorer og samarbeidspartnere som tar sikte på å rydde kystlinja for marin forsøpling ved å gi det ny verdi gjennom premiering. Kystlotteriet skal motivere folk til å rydde søppel i skjærgården ved hjelp av premiering. På denne måten ønsker Kystlotteriet å auke bevisstheten rundt marin forsøpling, og å tilby folk en mulighet til å gjøre en innsats for miljøet gjennom noe som minner litt om en*

*skattejakt. Når alle bidrar litt, blir resultatet stort.»*

(Sten Helberg, initiativtaker, Kystlotteriet).

Kystlotteriet har fått med seg fleire samarbeidskommunar rundt om i landet på kort tid, og kan melde om svært gode resultat, med folk som jamleg leverer mye marint søppel i samarbeid med Skjærgardstenesta.

For å starte arbeidet med å rydde opp plastforureininga trengs det tiltak som kan settast i gang raskt. Derfor er det flott at Meland kommune har ordna det slik at innbyggjarane enkelt kan ta del i oppryddinga, som publisert på nettsidene til kommunen den 17.februar. Oppsamling av plast er eit kortsiktig strakstiltak som har stor effekt for det marine livet. Det trengs organisert og strukturerte tiltak til, som og kostar pengar. Difor har regjeringa auka Miljødirektoratet sine midlar til ryddeprosjekt til 35. millionar.

Lokallaga til Miljøpartiet Dei Grøne i Nordhordland takkar ordførarane for at dei er aktive pådrivarar til å få innbyggjarane til å delta i oppryddingsprosjekt. Innbyggjarinitiativ er prisverdig, men ein kan ikkje rekne med at det berre er frivillige ressursar som skal ordne opp i plastforureininga.

På bakgrunn av dette fremjar lokallaga til Miljøpartiet Dei Grøne i Nordhordland følgjande spørsmål til ordførarane i Lindås og Meland:

- 1. Kan kommunane ta initiativ til eit møte med NGIR, BOF og andre relevante aktørar med mål om å etablere ei ordning for marin renovasjon i Nordhordland, liknande Skjærgardstenesta sitt arbeid?**

Eit slikt møte bør vere ope for alle, for å få meir kunnskap om problemet med plastforureining og lære meir om kva kommunane gjer med det og korleis innbyggjarane kan bidra.

- 2. Vil ordførarane tilrå at kommunane søker om å bli partnarar i Kystlotteriet?**

I eit meir langsiktig perspektiv ønskjer vi og at kommunen blir ein aktiv aktør i å hindre utslepp av plast med mål om å redusere plastforbruket betrakteleg.

Vi håpar og trur at ordføraren synes dette er eit viktig tema som krev rask, konkret handling. Det er sjeldan ein ser slik motivasjon for ein ryddeinnsats i lokalbefolkninga. Det er viktig at det offentlege følgjer opp, viser handlekraft og tar ansvar for miljø, natur og trivsel.

Med venleg helsing,

Leif Johnsen, Miljøpartiet Dei Grøne i Meland

## **Kommunestyret - 18/2017**

### **KS - behandling:**

#### **Svar til Leif Johnsen (MDG), kystrenovasjon**

Som alle andre som ferdast i naturen både i Meland og andre stader, så har eg over lang tid vore bekymra over alt plastsøppelet som kjem inn til kysten vår. Og med historia om gåsenebbkvalen på Sotra vart dette problemet verkeleg sett på dagsorden. Meland kommune har forsøkt å bidra med sitt i samarbeid NGIR.

Men det er ikkje tvil om at det trengs ein dugnad på dette feltet og eg som ordførar, og kommunen, vil gjerne vere med å bidra der vi kan. M.a. hadde eg eit møte med Berekraftig liv i Meland i går, der vi har drøfta ulike tiltak vi kan samarbeide om. Dette kan vere t.d. ein strandryddedag i kommunen,

korleis kan vi involvere Frivilligsentralen endå meir i arbeidet og om det er andre tiltak vi kan iverksetje.

Spørsmål 1: Eg vil ta kontakt med ordførarane i Lindås og Radøy med sikte på at vi får til eit møte om marin renovasjon i våre tre kommunar. På eit slikt ope møte vil det vere naturleg at NGIR og BOF er med og bidrar.

Spørsmål 2: Når det gjeld Kystlotteriet er det eitt av fleire tiltak vi bør vurdere i den vidare prosessen og arbeidet med dette feltet.

Eg vil og ta initiativ til at NGIR, i samarbeid med kommunane, kan søkje på den økonomiske ordninga som Miljødirektoratet har for dette arbeidet. Til slutt vil eg og oppmode om at alle, både politikarar og andre innbyggjarar blir med på ein slik dugnad for marin renovasjon.

#### **Framlegg til vedtak frå Karina Garnes Reigstad:**

Meland kommunestyre støttar intensjonen i interpellasjonen til Leif Johnsen og miljøpartiet dei Grøne og ber ordførar ta initiativ til eit møte med NGIR, BOF og andre relevante aktørar for å diskutere kystrenovasjon i Nordhordland.

#### **Avrøysting:**

**Framlegg til vedtak frå Karina Garnes Reigstad vart samrøystes vedteke.**

#### **KS - samrøystes vedtak:**

«Meland kommunestyre støttar intensjonen i interpellasjonen til Leif Johnsen og miljøpartiet dei Grøne og ber ordførar ta initiativ til eit møte med NGIR, BOF og andre relevante aktørar for å diskutere kystrenovasjon i Nordhordland.»

01.03.17

Til ordfører i Meland kommune

### **Grunngitt spørsmål til kommunestyremøte 8.mars 2017**

I nylig vedtatt kommuneplan er det et mål at: I Meland skal det være godt å bo i alle livssituasjoner. Vi skal ha attraktive og varierte bomiljø.

Og videre at:

I tillegg til offentlig og privat sektor, har også lag og frivillige organisasjoner en viktig rolle i å bygge trygge og gode lokalsamfunn. Derfor er det viktig å sikre de gode vilkår, og slik utløse og støtte dugnadsinnsats. Det er avgjørende for utvikling av lokalsamfunnet at folk tar ansvar for egen helse og bidrar i felleskapet.

I kommuneplanen sies det også at «ved planlegging av nye bustadfelt skal det være tilrettelagt for gode møteplasser og aktivitetsfremmende uterom». Dette er veldig, veldig viktig som et «lim» i boområdene og lokalsamfunnet som helhet. Det vokser opp mange barn og unge nå i Frekhaugområdet, og mange flere kommer. Dette er veldig positivt, men vi må vi passe på!

De fleste boliger og boområder i Meland er allerede etablert uten tilstrekkelig med aktivitetsfremmende uterom og gode møteplasser, og det som allerede er bygget, trenger vedlikehold og opprustning til dagens behov. Dette gjelder også frivillige organisasjoner og lag som har større deler av vår kommune som nedslagsfelt, som ungdomslag, idrettslag mm.

I tillegg til omfattende dugnadsinnsats, krever dette penger til utstyr, materialer, offentlige gebyrer mm.

Undertegnede er kjent med at formannskapet i 2001 gjorde vedtak om at frivillige lag og organisasjoner kan søke og få dekket, utgifter til kommunale gebyrer, men at det ikke er avsatt tilstrekkelig med midler under kulturbudsjettet til dette.

Vil ordføreren ta initiativ til at kommunale gebyrer kan søkes dekket av kommunal budsjettpost for Tilfeldige utgifter i løpet av året, og at det avsettes tilstrekkelig med midler til dette, slik at ordningen også blir forutsigbar?

Mabel Johansen  
Meland Høyre

### **Svar til Mabel Johansen (H), refusjon av kommunale avgifter**

Frivillige lag og organisasjonar er, som det blir sagt i spørsmålet, «limet» i lokalsamfunnet. Den innsatsen som blir lagt ned rundt om i heile kommunen utgjør ein uvurderleg innsats, kvar dag og kvart år.

Eg er ikkje kjent med vedtaket frå 2001 som representanten Johansen viser til. Men slik eg forstår det kan dei som søker om dette få det dekkja over kulturmidlane til kommunen.

Som oppfølging av saka vil eg be rådmannen undersøkje dette og melde tilbake til ULK som er gjeldande fagutval. Dersom det skal følgjast opp i budsjettarbeidet må det ev. komme eit forslag frå ULK om revidering av budsjettet, og dette må handsamast i kommunestyret. Når det gjeld neste års budsjett må det vurderast i budsjettprosessen fram mot vedtaket i desembermøtet i kommunestyret.

Øyvind H. Oddekalv  
ordfører

01.03.17

Til ordfører i Meland kommune

### **Grunngitt spørsmål til kommunestyremøte 8.mars**

Kommuneplanen i Meland kommune slår fast at Meland kommune skal være en av de mest attraktive næringskommunene i Hordaland. Vi vil være en pådriver for at flere virksomheter etablerer seg i Meland, og legge til rette for at eksisterende bedrifter kan utvikle seg.

Meland ble i 2014/15 kåret til Norges beste kommune på nyetableringer. Dette er en posisjon som vi må ta sikte på å beholde. Meland kommune har stor tilflytting og passerte nylig 8000 innbyggere.

Mange tilflyttere består av unge familier med høy utdanning. Meland har nå høyeste utdanningsnivå ifht befolkningsstørrelse/yrkesaktive i Hordaland (må sjekkes).

Onsdag 22.febr. inviterte ordfører til næringsplansamling i Frekhaug senter med formannskap, næringsliv og frivillige organisasjoner.

Under diskusjonen kom det fram at Meland har smått med egnede lokaler for grunderbedrifter som etter noen etableringsår har behov for å utvide/vokse. Det er også behov for et større kontormiljø som gir muligheter for kunnskapsdeling, fellestjenester mm., sentralt på Frekhaug.

Nærheten til Bergen gjør det mulig tiltrekke seg en profesjonell utvikler og drifter av kontorbygg. Vil ordføreren ta initiativ til at det etableres et kontorbygg sentralt på Frekhaug, helst nært sjøen med kort avstand til hurtigbåt til Bergen?

Mabel Johansen  
Meland Høyre

### **Svar til Mabel Johansen (H), kontorbygg**

Meland skal vere ein næringsvenleg kommune. Dette har eit samrøystes kommunestyre slått fast når vi vedtok samfunnsdelen av kommuneplanen i førre periode. Vi følgte og opp dette i arealdelen av kommuneplanen, aldri før har det vore så stor andel av tilgjengelege næringsareal i planen.

Men det er viktig at fine ord i ein kommuneplan blir omsett til handling. Derfor var det heilt naudsynt at vi fekk på plass ein næringsrådgevar i august i fjor, i nært samarbeid med Meland utbyggingsselskap. Dette sikrar det daglege arbeidet med næringsutviklinga i kommunen. Eit viktig steg på vegen er å få på plass ein strategisk næringsplan, ei praktisk tiltaksliste som skal utviklast i nært samarbeid med næringslivet i kommunen.

Dette arbeidet er godt i gang, der næringsamlinga som ordføreren inviterte til for 14 dagar sidan er første steg på vegen. Ei vellukka samling, der vi fekk inn mange gode innspel. Alle innspela vil bli systematisert og tatt med i det vidare arbeidet. Det gjeld og innspelet om eit kontorbygg sentralt på Frekhaug.

I arbeidet med mogleghetsstudien av Langelandsskogen vil, blant mykje anna, dette bli vurdert. I samband med bygginga av ny driftsstasjon for kommunen vil det bli frigjort areal der den gamle brannstasjonen er i dag. I vedtaket om bygging av ny ungdomsskule er det og tatt med at vi skal vurdere kva den gamle ungdomsskuletomta skal brukast til.

Alle desse grepa gjer oss moglegheiter til å vurdere å realisere t.d. eit slikt kontorbygg. Ordføreren kan love at dette vil ha høg fokus i det vidare arbeidet med næringsutvikling i kommunen.

Øyvind H. Oddekalv  
ordførar

**Fra:** Øyvind Bratshaug

### **Grunngjevne spørsmål til møte 8 mars - kommunestyret**

Saka omkring breiband har stor interesse. Det er derfor ønske om informasjon om framdrift og når innbuarane kan forventast og nytta denne tenesta.

Mvh FRP  
Øyvind Bratshaug

### **Svar til Øyvind Bratshaug (FrP), breiband**

Eg opplever henvendinga frå representanten Bratshaug meir som eit ønskje å vite korleis stoda for breiband er i kommunen, enn som eit direkte spørsmål (sjølv om representanten gjerne var meir konkret i det munnlege innlegget). Som kjent er ikkje dette ei kommunal oppgåve i utgangspunktet, det er kommersielle tilbydarar som leverer desse tenestene.

Kommunen har søkt på dei årlege midlane frå Nkom (Nasjonale kommunikasjonsmyndighet, tidlegare Post- og teletilsynet) kvart år sidan det vart innført, og fekk heile potten for Hordaland i 2014. Då kom det fiber til Dalemarka, Beitingen, Fløksand – Brakstad – Tveit – Holme, Skurtveit – Rosslund og i tillegg Vikebø – Rylandshøgda. Dette vil vi sjølv sagt gjere i år også, og som før vil det bli høve til å kome med innspel til kva for område som bør prioriterast i søknaden for 2017. Meir informasjon om dette vil om kort tid bli lagt ut på kommunen sine heimesider.

Samstundes er det viktig at det blir utøvd politisk påverknad. På oppfordring av m.a. ordføraren i Meland vil neste møte i Bergensalliansen ha tema om både fiber- og mobildekning i distrikta. Her vil, blant fleire, ansvarleg frå Telenor møte. Dersom det er ønskjeleg er det og mogleg å hente inn oversikt frå dei ulike tilbydarane over planlagt utbygging i kommunen. Dette kan ev. presenterast for formannskapet.

Nokre kommunar har vedtatt å bidra til å byggje ut breiband/fiber, dette er gjerne «rike» kommunar som har eit eige infrastrukturfond. Det er vanskeleg å sjå føre seg at Meland kan klare dette før 2020, men det er sjølv sagt kommunestyret som avgjer dette i dei årlege budsjettprosessane.

Personleg har eg store forventningar til den nye kommunen på dette feltet, med den satsinga som ligg i intensjonsavtalen på digitalisering og infrastrukturbygging.

Øyvind H. Oddekalv  
ordførar